HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus
**Dato:** 20.10.2015
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 13.10.2015

Idar Tarberg
Leiar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 83/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 84/15 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 85/15 | Delegerte saker |
| PS 86/15 | Trafikktryggingstiltak kryssingspunkt Moltu skule - Løyving av midlar til sluttføring |
| PS 87/15 | Trafikktryggingstiltak - Utskifting av veglys ved skuleområdet på Bergsøya |
| PS 88/15 | Kjell Rabben 11/152 - Dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel vedr prosent vindusflate i naust |
| PS 89/15 | Søknad om utfylling av jordmasser frå Inge Runde på gnr. 9 bnr. 10 |
| PS 90/15 | Tertialrapportering pr 01.09.2015 |
| PS 91/15 | Tildeling av SMIL midlar for 2015 |
| PS 92/15 | Tildeling av midlar til drenering av jordbruksjord for 2015 |
| PS 93/15 | Trafikktryggingstiltak FV 654 Hjelmeset - Etablering av intensivbelysning ved tilrettelagt kryssingspunkt |

**Delegerte saker frå avdelingane**

| | |
|---|---|
| DS 312/15 | Gnr 23 Bnr 3 - Frådeling av utbyggingsareal til bustadbygging |
| DS 313/15 | Ferdigattest - 48/16 - vassledningsanlegg |
| DS 314/15 | Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Ferdigattest |
| DS 315/15 | Frøydis og Thorstein Vasset - 44/129 - Fritidsbustad |
| DS 316/15 | Osvald Ristesund - 34/284 - Tilbygg |
| DS 317/15 | Lars Conradi Andersen og Åse Marie Remøy - 26/164 - Einebustad |
| DS 318/15 | Ferdigattest - 29/306 |
| DS 319/15 | Gnr 24 Bnr 7 Frådeling av bustadtomt |
| DS 320/15 | Gnr 27 bnr 34 Frådeling av tilleggsareal til bnr 89 |
| DS 321/15 | Ole Børre Berge - 55/9 - Rehabilitering skorstein |
| DS 322/15 | Gnr 40 Bnr 6 - Etablering av punktfeste |
| DS 323/15 | Linn Renate Røyset og Lidvar Husøy - 46/82 - Frittliggande garasje |
| DS 324/15 | Ferdigattest - 16/113 - Tilbygg |
| DS 325/15 | Mellombels bruksløyve - 31/188 seksjon nr 4 |
| DS 326/15 | Ferdigattest garasje - 50/59 |
| DS 327/15 | Ann Iren Brautaset 59/6 - Ferdigattest |
| DS 328/15 | Herøy kommune - 37/426 - Rammeløyve omsorgsbustadar + IG grunn- og fundamentarbeid |
| DS 329/15 | Mellombels bruksløyve - 38/6 - garasjedel |
| DS 330/15 | YX Betjent as - 37/82 - Skilting |

PS 83/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 84/15 Protokoll frå førre møte.

PS 85/15 Delegerte saker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2015/132 |
| | | Arkiv: | Q80 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 86/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |

## TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK KRYSSINGSPUNKT MOLTU SKULE - LØYVING AV MIDLAR TIL SLUTTFØRING

**Tilråding:**

1. Maritim og teknisk komite løyver **kr 139.000** til sluttføring av trafikktryggingstiltak ved Moltu skule.

2. Løyving vert finansiert med midlar avsett til trafikktrygging i gjeldande budsjett.

Særutskrift:
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

01 – Plan for trafikktryggingstiltak ved Moltu skule

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune fikk tilsegn om tilskot på kr 230.000,- gjennom tilskotsordning for lokale trafikktryggingstiltak. Tilskotet skulle finansiere etablering av gangveg og gangfelt med varslingssystem (SeeMee) på fylkesveg 10 ved Moltu skule, og tilsvarande varslingssystem ved gangfelt på fylkesveg 654 ved Myklebust.
Ein føresetnad for utbetaling av tilskot var at Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar gav løyve til etablering av tiltaket, samt innlevering av framdriftsplan for prosjektet av Herøy kommune.

I brev av 15.07.2014 la Herøy kommune ved ein e-post frå Statens vegvesen som stadfesta at dei er gav løyve til etablering av eit tilrettelagt kryssingspunkt på FV 10 ved Moltu skule. Arbeidet med etablering av tiltaket var planlagt starta opp i august 2014. Kommunen fekk ikkje løyve til etablering av varslingssystermet «SeeMee», og dette tiltaket kunne difor ikkje gjennomførast. Kommune oppfylt dermed ikkje føresetnadene for utbetaling av heile tilskotet. Varslingssystemet «SeeMee» var kostnadsberekna til kr 130.000, noko som departementet trekte tilbake pga manglande løyve for etablering av tiltaket. Kommunen sat då igjen med kr 100.000,- som skulle dekke etablering av eit tilrettelagt kryssingspunkt ved Moltu skule.

Statens Vegvesen Region Midt har gjennomført fartsmålingar forbi Moltu skule, som gav grunnlag for etablering av fartsdempande tiltak. Det blei det vedteke at fartsnivået ved skulen skulle skiltast ned til 40 k m/t og at det skulle etablerast fartshump i vegbana med tilhøyrande tilførselsvegar. Eit tilrettelagt kryssingspunkt endra soleis karakter til eit opphøgd gangfelt som er blitt merka og skilta. I tillegg til dette følgjer det med krav om forsterka belysning og utskifting av 3 lysarmatur til LED-lys, samt oppføring av 1 nytt lyspunkt med LED-belysning.

Tiltaket er blitt vesentleg endra undervegs i prosessen, gjennom etablering av skilt, fartshump og oppføring av forsterka belysning – noko som i utgangspunktet ikkje var med i prisoverslaget frå starten av. I tillegg til dette kjem det tilsegnet som kommunen mista frå Samferdselsdepartementet.

Endring av tiltaket sin karakter og tilbaketrekking av tidlegare tildelte midlar har medført at ein sit at med følgjande budsjett (inkl mva):

**Inntekter**

| | |
|---|---|
| Tilskot frå Samferdselsdepartementet | 100.000,- |

**Utgifter**

| | |
|---|---|
| Grunnarbeid (graving, fundamentering) | 57.000,- |
| Asfaltering, fartshump, grunnarbeid m.m | 87.682,- |
| Skilting (offentleg) | 12.710,- |
| Veglys (LED) | 78.913 ,- |
| Skilting (privat) | 2.000.,- |
| **Sum** | **238.305,-** |

Statens Vegvesen dekkjer oppmerking av fartshump og sideareal med skravert felt for parkering forbode. Kommunen vil ikkje få ytterlegare kostnader med oppmerking av vegbane, då dette ligg til Statens Vegvesen Region Midt som mynde for fylkesvegar.

Økonomiavdelinga opplyser om at det i gjeldande budsjett er det avsett kr 5.000.000,- til trafikktrygging og av desse midlane er det nytta kr 20.000,- til formålet.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at tilskotet på kr 100.000 som ein har motteke frå Samferdselsdepartementet ikkje strekk til for å dekkje dei faktiske kostnadane. Av omsyn til ei vesentleg endring av tiltaket sin karakter undervegs i prosessen, er det behov for ei løyving av midlar på **kr 139.000,-**for å kunne fullføre tiltaket.

Ein viser til at tiltaket vil ha direkte effekt for trygging av barn og unge sine interesser og at dette vil medføre auka trafikktryggleik for mjuke trafikantar, særskilt vil dette gjere seg gjeldande i høve skuleveg.

Rådmannen rår til at Maritim og teknisk komite løyver nemnde midlar til fullføring av prosjektet.

Fosnavåg, 21.09.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg


Nytt lys
Lys
Lys
Lys
Arm
Sirkelhump
40 km/t.
Skilt nr 1
blir plassert
ved krysset
mot
HERØY KOMMUNE
16.12.2014 1:500
Det kan forekomme feil i kartet
0 5 10 15 20 m

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2015/1209 |
| | | Arkiv: | Q80 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 87/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |

## TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK - UTSKIFTING AV VEGLYS VED SKULEOMRÅDET PÅ BERGSØYA

**Tilråding:**

1. Maritim og teknisk komite løyver **kr 160.000,- (eks.mva)** av midlar avsett i budsjett til trafikktrygging, for utskifting av veglysarmatur til LED lysarmatur ved skuleområdet på Bergsøya.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga
- Anleggs- og driftsavdelinga

## Vedlegg:

1- Lysplan for skuleområdet på Bergsøya

## Saksopplysningar:

Herøy kommune har henta inn pristilbod på levering og montering av 13 stk LED lysarmaturar. Armaturane skal monterast på eksisterande lysmaster og tilkoplast eksisterande veglyskabel med nye sikringar i kvar mast.

Tiltaket omfattar veg gjennom skuleområdet på Bergsøya som vist på vedlagt karutsnitt.

Kostnader for dette tiltaket er kr 160.000,- eks mva.

## Vurdering og konklusjon:

Nye og betre veglys er noko som ligg inne i handlingsdelen til gjeldande trafikktryggingsplan for perioden 2015-18 under punktet mindre tiltak.

Kommunen har pr dato avsett kr 5.000.000,- til trafikktrygging. Av desse midlane er det nytta kr 20.000,- og det er fremja sak om bruk av kr 139.000,- til trafikktryggingstiltak ved Moltu skule. Maritim og teknisk komite har tidlegare også løyvd kr 125.000,- til trafikktryggingstiltak i Sævikane. Sistnemnde midlar er ikkje nytta.

Rådmannen vurderer det slik at 13 lyspunkt med ny LED belysning vil vere med på å betre trafikktryggleiken i området og gjere ferdsel og kryssingspunkt meir trafikksikkert. Ei meir opplyst vegstrekning vil her, særskilt, kunne betre skulevegen for barn- og unge og ferdselsåre til/frå idrettsområde ved Campus Fosnavåg.

Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med trafikktryggingsplanen og vil kunne auke trafikktryggleiken langs ei vegstrekning som til tider er sterkt trafikkbelasta.

Fosnavåg, 30.09.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

## 2.1 Beskrivelse, Utendørsanlegg 1

### 2.1.1 Planvisning



HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | MARVOL | Arkivsaknr: | 2015/1101 |
| | | Arkiv: | 11/152 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 88/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |

## KJELL RABBEN 11/152 - DISPENSASJON FRÅ FØRESEGNENE TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL VEDR PROSENT VINDUSFLATE I NAUST

**Tilråding:**

1. Maritim og teknisk komite (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå føresegn 2.16 i kommuneplanens arealdel, for oppføring av naust med vindaugsareal på meir enn 3 prosent på gnr 11 bnr 152.
   a. Dispensasjon vert gjeve på det vilkår at eitt av dei store vindauga vert fjerna på fasade aust.

2. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) av 27. juni 2008 nr 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-2, datert 06.08.2015.

   MTK gjev løyve til oppføring av naust på gnr 11 bnr 152, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 06.08.2015.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:
Kjell Rabben, Sævik 34, 6094 Leinøy
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

**Vedlegg:**

1 Søknad om tiltak uten ansvarsrett
2 Gjenpart av nabovarsel med teikningar
3 Søknad om dispensasjon
4 E-post frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 09.09.15
5 Merknader frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 08.09.15

**Saksopplysningar:**

Kjell Rabben søkjer om oppføring av nytt naust på gnr 11 bnr 152 i Herøy kommune. Eigedomen er avsett til naustformål i kommuneplanens arealdel. Naustet er på 59,95 m2 BRA, har ei mønehøgde på 6,5 m og har loft utan måleverdig areal, i samsvar med føresegnene til naust i kommuneplanens arealdel. Rabben søkjer imidlertid om dispensasjon frå pkt. 2.16 sjuande ledd: *«Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).»*

Det søkjast om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel for oppføring av naust med vindaugsareal på 11 prosent.

**Grunngjeving:**

Kjell Rabben grunngir sin søknad om dispensasjon med at det er ynskjeleg med dei innteikna vindauga for at det nye naustet skal stå i stil med Sævard-bygget som ligg i nærleiken til det nye naustet. Det er få bygg i området, og han håpar difor på dispensasjon frå vindaugsarealet satt i kommuneplanen for å få ei flottare fasade på naustet.

Søknad om dispensasjon er sendt på høyring til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens Vegvesen.

Fylkeskommunen og Statens vegvesen hadde ingen kommentar i samband med søknad om dispensasjon frå prosent vindaugsareal.

**Merknad frå fylkesmannen datert 08.09.2015:**

«Fylkesmannen rår ifrå at kommunen opnar opp for å dispensere frå nylig vedteken plan. Større vindauge er ikkje naudsynt for bygningen sin funksjon som naust, og føresegnene er nettopp utforma for å skilje naust frå til dømes rorbu/hytte, slik at naust ikkje skal eigne seg til anna bruk. Dersom utsjånad på tidlegare oppsette bygningar i nærleiken skal gi grunn til dispensasjon frå nylig vedtekne føresegner, vil dette representere ei underminering av den nye kommuneplanen. Vi vil også peike på at med dei nylig vedtekne føresegnene for storleik på naust i Herøy, er det desto viktigare at føresegnene for bygningsutforming handhevast strengt.»

**Vurdering og konklusjon:**

Vilkår for dispensasjon frå reglar fastsatt i eller i medhald av plan- og bygningslova (pbl) finn ein i pbl § 19-2. Vurderinga er todelt. For det fyrste må omsynet bak regelen det dispenserast frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må det vere klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon. Dersom desse vilkåra er oppfylt, «kan» kommunen velje å gi dispensasjon.

Fyrste spørsmål er om omsynet bak 2.16 vert vesentleg tilsidesett i dette høvet. Ordlyden gir ein streng terskel i og med at omsynet må verte vesentleg tilsidesett.

Omsynet bak regelen om at vindauge må vere avgrensa i storleik er at det skal samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Naust skal brukast som naust, og ein ynskjer ikkje å leggje til rette for at det vert sett inn vindauge som kan opne for eller gi inntrykk av at det er rorbu/fritidsbygg som vert oppført. Vindaugsareal på 11 prosent er vert ikkje vurdert å vere i samsvar med naustfunksjonen.

Det framstår som klart at omsynet vert tilsidesett. På den andre sida vil ein fortsatt kunne bruke naustet som naust, til tross for større vindaugsflate. Større vindaugsareal vil gi betre naturleg lys inne i naustet. Ein vurderer det difor slik at sjølv om omsynet vert noko tilsidesett så vil det ikkje verte *vesentleg* tilsidesett ved ein dispensasjon i dette høvet.

Neste spørsmål vert soleis om det er klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon frå prosent vindaugsareal.

Rådmannen viser til at kommuneplanen for Herøy kommune vart vedtatt i oktober 2014. Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande utstyr og reiskap. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald. Føresegnene seier at vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Det er med bakgrunn i dette at ein har ein regel om at vindauget si dagslysflate ikkje skal overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal.

Ein kan ikkje sjå at større vindaugsareal er naudsynt for bygningen sin funksjon som naust. Ein må stille strenge krav til dispensasjon frå føresegnene til nyleg vedteken kommuneplan, og særleg i tilfelle som gjeld naust. Ein viser til Fylkesmannens kommentar om at *«Dersom utsjånad på tidlegare oppsette bygningar i nærleiken skal gi grunn til dispensasjon frå nylig vedtekne føresegner, vil dette representere ei underminering av den nye kommuneplanen.»* Rådmannen er einig i denne vurderinga.

Det vart også gitt klare signal frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om at det med dei nyleg vedtekne føresegnene for storleik på naust i Herøy kommune, er det desto viktigare at føresegnene for bygningsutforming handhevast stengt. Ein viser i så måte til uttale frå KMD vedr nauststorleik i kommuneplanens arealdel, datert 02.07.15.

Dersom ein opnar opp for å dispensere frå vindaugsareal i dette høvet, vil det kunne skape presedens for andre tilfeller i kommunen, og dette vil kunne medføre uheldige konsekvensar for naustbygginga i kommuna.

I dette konkrete høvet kan ein imidlertid ikkje sjå at desse momenta gjer seg like sterkt gjeldande. Fordelen med ein dispensasjon i dette høvet er at tiltakshavar får eit naust som står i stil til det nærliggande Sævard-bygget, og at ein oppnår ei finare fasade på naustet estetisk sett. I tillegg vil ein oppnå betre naturlege lystilhøve inne i naustet, som vil vere eit positivt tiltak for tiltakshavar. Større vindaugsareal vil ikkje i seg sjølv medføre at naustet sin funksjon vert endra. Ein viser til at det planlagde naustet er utforma for å passe til båten til tiltakshavar, jfr teikningar av tiltaket. Dei planlagde vindauga er lagt til hovedetasjen til naustet, og ikkje i loftsetasjen. Ein viser også til sjølve utforminga av loftsetasjen som er svært liten, og er utforma kun for lagring av utstyr. Den har ikkje måleverdig areal, og det er ikkje fare for at naustet kan verte brukt som rorbu eller fritidsbustad, då den er utforma utelukkande som lagringsareal. Ein viser til teikningane der dette kjem klart fram.

Administrasjonen vurderer det slik at ein kan opne opp for større prosent vindaugsareal i dette konkrete tilfellet. Ein vil imidlertid sette vilkår om at eitt av dei store vindauga vert fjerna. Då vil prosent vindaugsareal verte vesentleg mindre enn 11 prosent som omsøkt, og ein vil behalde naustet sin funksjon samtidig som ein får godt med naturleg lys inn på naustet sitt hovedplan.

Etter ei heilheitleg vurdering vurderer ein det som klart at det i dette konkrete tilfellet er større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon frå prosent vindaugsareal.

**Rådmannen rår MTK til å imøtekome søknad om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel vedkomande prosent vindaugsareal, med det vilkår at eitt av dei store vindauga vert fjerna, og samtidig godkjenne søknad om løyve til oppføring av frittliggande naust på gnr 11 bnr 152 som omsøkt 06.08.2015.**

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
-
<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
-
<u>Konsekvensar for drift:</u>
-

Fosnavåg, 06.10.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

# Søknad om tiltak uten ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven § 20-2

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 andre ledd? ☐ Ja ☒ Nei

- tiltaket er i samsvar med arealplaner, plan- og bygningsloven med forskrifter
- ikke behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? ☐ Ja ☒ Nei
Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? ☐ Ja ☒ Nei
Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Dersom det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, må det foreligge tillatelse fra kommunen før tiltaket igangsettes.

## Søknaden gjelder

**Eiendom/ byggested**

| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bolignr. | Kommune |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 11 | 152 | | | | | Herøy |

| Adresse | Postnr. | Poststed |
|---|---|---|
| Sævik | 6094 | Leinøy |

**Tiltakets art**

Mindre tiltak til bebygd eiendom, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1

☐ Tilbygg < 50 m2 ☒ Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m2 ☐ Antennesystem ☐ Skilt/reklame

☐ Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mnindre enn 1000 kvm, jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2

☐ Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg, pbl § 20-2 bokstav c) (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år)

☐ Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt innenfor en bruksenhet)

Planlagt bruk/formål — Beskriv: Naust

## Forhåndskonferanse

Pbl § 21-1 — Forhåndskonferanse er avholdt ☐ Ja ☒ Nei

## Dispensasjonssøknad og fravik fra TEK10

**Pbl Kap. 19** — Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: (begrunnelse for dispensasjon gis på eget ark)

☒ Plan- og bygningsloven med forskrifter ☒ Kommunale vedtekter/ forskrifter til pbl ☒ Arealplaner ☒ Vegloven — Vedlegg nr. B –

**Pbl § 31-2** — ☐ Det søkes om fravik fra TEK for eksisterende byggverk (pbl § 31-2) Redegjørelse i eget vedlegg — Vedlegg nr. B –

## Arealdisponering

**Planstatus mv.**

Sett kryss for gjeldende plan

☒ Arealdel av kommuneplan ☐ Reguleringsplan ☐ Bebyggelsesplan

Navn på plan: Kommunenplan for Herøy 2013 - 2015, Planid: 201250

Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv: Naustformål

| | | Velg aktuell kolonne iht. beregningsregel angitt i gjeldende plan* | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | %-BYA | BYA | %-BRA / %-TU | BRA | U-grad |
| | a. Grad av utnytting iht. gjeldende plan | % | m² | % | m² | |
| **Tomtearealet** | b. Byggeområde/grunneiendom** | 619,7 m² | | m² | | m² |
| | c. Ev. areal som trekkes fra iht. beregn.regler | – m² | | – m² | | |
| | d. Ev. areal som legges til iht. beregn.regler | | | | | + m² |
| | e. Beregnet tomteareal (b – c) eller (b + d) | = 619,7 m² | | = m² | | = m² |
| **Grad av utnytting** | Arealbenevnelser | m² BYA | m² BYA | m² BRA | m² BRA | m² BTA |
| | f. Beregnet maks. byggeareal iht. plan (jf. a. og e.) | 185,91 m² | m² | m² | m² | m² |
| | g. Areal eksisterende bebyggelse | m² | m² | m² | m² | m² |
| | h. Areal ny bebyggelse | + 68,4 m² | + m² | + m² | + m² | + m² |
| | i. Parkeringsareal | + m² | + m² | + m² | + m² | + m² |
| | j. Sum areal | = 68,4 m² | = m² | = m² | = m² | = m² |
| | Beregnet grad av utnytting (jf. e. og j.)*** | 11 % | m² | % | m² | |

* Skal beregning av utnyttingsgrad skje etter annen regel, beskriv nærmere — Vedlegg nr. Q –

** Dersom areal i rad b ikke er fremkommet av målebrev, beskriv nærmere — Vedlegg nr. Q –

*** Vis ev. underlag for beregningen av grad av utnytting i vedlegg — Vedlegg nr. Q –

Tilleggsspplysninger om areal på **ny** bebyggelse

Skjer beregningen ovenfor i m² BRA, oppgi også: Bebygd areal: m² BYA

Skjer beregningen ovenfor i m² BYA oppgi også: Bruksareal: 59,95 m² BRA

Er beregningen foretatt i m² BTA, oppgi både bebygd areal og bruksareal.

© Utgitt av Statens bygningstekniske etat. 01.03.2011

## Arealdisponering (forts.)

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Plassering av tiltaket** | Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei<br>Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert | | Vedlegg nr.<br>Q – |
| | Kan vann og avløpsslednginger være i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei<br>Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert | | Vedlegg nr.<br>Q – |

## Tilknytning til veg og ledningsnett

**Adkomst**
vegloven
§§ 40-43
pbl § 27-4

Gir tiltaket endrede avkjøringsforhold? ☐ Ja ☒ Nei

Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel:

| | | | |
|---|---|---|---|
| ☐ Riksveg/fylkesveg | Er avkjøringstillatelse gitt? | ☐ Ja | ☐ Nei |
| ☐ Kommunal veg | Er avkjøringstillatelse gitt? | ☐ Ja | ☐ Nei |
| ☒ Privat veg | Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? | ☒ Ja | ☐ Nei |

**Vann-forsyning**
pbl §§ 27-2, 27-3

Tilknytning i forhold til tomta

☐ Offentlig vannverk ☐ Privat vannverk

☐ Annen privat vannforsyning, innlagt vann

☐ Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann

Beskriv

Vedlegg nr.
Q –

Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei

**Avløp**
pbl §§ 27-2, 27-3

Tilknytning i forhold til tomta

☐ Offentlig avløpsanlegg

☐ Privat avløpsanlegg

Skal det installeres vannklosett? ☐ Ja ☒ Nei

Foreligger utslippstillatelse? ☐ Ja ☐ Nei

Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei

Vedlegg nr.
Q –

**Overvann**

Takvann/overvann føres til: ☐ Avløpssystem ☒ Terreng

## Vedlegg

| Beskrivelse av vedlegg | Gruppe | Nr. fra – til | Ikke relevant |
|---|---|---|---|
| Dispensasjonssøknader | **B** | 1 – | ☐ |
| Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/ kommentarer til nabomerknader) | **C** | 1 – 2 | ☐ |
| Situasjonsplan/avkjøringsplan | **D** | 1 – | ☐ |
| Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende) | **E** | – | ☐ |
| Tegninger plan, snitt, fasade (ny) | **E** | 1 – | ☐ |
| Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet | **I** | – | ☐ |
| Andre vedlegg | **Q** | – | ☐ |

## Erklæring og underskrift

### Tiltakshaver

Tiltakshaver forplikter seg til å la gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift

| | | |
|---|---|---|
| Navn<br>Kjell Rabben | Telefon (dagtid)<br>918 32 430 | Mobiltelefon |
| Adresse<br>Sævik 34 | Postnr.<br>6094 | Poststed<br>Leinøy |
| Dato<br>06.08.2015 | Underskrift | E-postadresse |
| Gjentas med blokkbokstaver<br>KJELL RABBEN | Eventuelt organisasjonsnr. | |

# Gjenpart av nabovarsel

**for tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)**

| Vedlegg nr. | Kommunens saksnr. |
|---|---|
| C- | |

**Til :**

HERØY KOMMUNE

POSTBOKS 274
6099 FOSNAVÅG

Kopi av dette dokument utan vedlegg skal sendast til kommunen, samtidig som naboar vert varsla.

**For oppført eigedom nedanfor er det i henhald til bestemmelsar i § 21-3 i plan- og bygningslova av 27.juni 2008 nr.71, sendt følgjande nabovarsel:**

**Tiltak på eigedomen:**

**Matrikkelnr:** *1515 - 11/152*

**Eiendomsadr:**

**Eier/fester** *RABBEN KJELL HENRY*

**Adresse:** *SÆVIK 34*

6094 LEINØY

## Det vert varsla herved om

[X] **Søknad om tiltak som krev tillatelse** etter plan- og bygningslova § 20-1 og §20-2

[X] Nybygg
[ ] Anlegg
[ ] Endring av fasade
[ ] Riving
[ ] Skilt
[ ] Eigedomsdeling eller bortfeste
[ ] Innhegning mot vegg
[ ] Bruksendring
[ ] Dispensasjonar

Anna - beskriv

[ ] Driftsbygning i landbruket pbl § 81
[ ] Dispensasjonar

[ ] Mindre byggearbeid

[ ] Skilt

## Skriv nærmere om kva nabovarselet gjeld

BYGGING AV NAUST

## Vedlegg

| Beskrivelse av vedlegg | Gruppe | Nr. frå - til | Ikkje relevant |
|---|---|---|---|
| Dispensasjonssøknader | B | | [ ] |
| Situasjonsplan | D | 1 | [ ] |
| Fasadeteikningar og snitt | E | 2 - 3 | [ ] |
| Andre vedlegg | J | | [ ] |

## Adresser

[ ] Søknaden er lagt ut på besøksadresse: Ansvarleg søkjar si postadresse:

Eventuelle merknader må vere ihende ansvarleg søkjar innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. (Kopi kan sendes kommunen).

[ ] Søknaden kan sjåast hjå kommunen på adresse: Herøy kommune Rådhuset, 6099 Fosnavåg

Eventuelle merknader må vere ihende kommunen innan 2 veker etter at dette varselet er sendt.

## Underskrift

| Stad | Dato | Underskrift (tiltakshavar eller ansvarleg søkjer) |
|---|---|---|
| REMØY | 30.07.15 | Kjell Henry Rabben |

# Kvittering for nabovarsel

**Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.**

**Eiendom/byggested**

| *1515 - 11/152* | **Adresse** |
|---|---|

| Nabo-/gjenboereiendom | Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn | | |
|---|---|---|---|
| **Matrikkelnr**<br>1515 - 11/7 | **Eier/Festers navn**<br>WAAGE BJØRGUNN SÆVIK | | |
| **Eiendomsadresse** | **Adresse**<br>SÆVIK 32 | **Postnr** | **Poststed**<br>6094 LEINØY |
| Personlig kvittering er mottatt varsel<br>☐ **Varsel er mottatt** ☐ **Samtykker i tiltaket** | Dato \| Sign.<br>5/8-15 Bjørgunn S. Waage | | |

| Nabo-/gjenboereiendom | Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn | | |
|---|---|---|---|
| **Matrikkelnr**<br>1515 - 11/131 | **Eier/Festers navn**<br>STATENS VEGVESEN | | |
| **Eiendomsadresse** | **Adresse**<br>Fylkeshuset | **Postnr** | **Poststed**<br>6404 MOLDE |
| Personlig kvittering er mottatt varsel<br>☐ **Varsel er mottatt** ☐ **Samtykker i tiltaket** | Dato \| Sign. | | |

| Nabo-/gjenboereiendom | Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn | | |
|---|---|---|---|
| **Matrikkelnr**<br>1515 - 11/153 | **Eier/Festers navn**<br>SÆVARD DA | | |
| **Eiendomsadresse** | **Adresse**<br>Postboks 215 | **Postnr** | **Poststed**<br>6099 FOSNAVÅG |
| Personlig kvittering er mottatt varsel<br>☐ **Varsel er mottatt** ☐ **Samtykker i tiltaket** | Dato \| Sign.<br>03.08.15 Per Sævik | | |

**Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.**

**Samlet antall sendinger:**____________

Plass for stempel og signatur

**Sign.**




VEDLEGG 1

| NAUST, KARTPLAN | MÅLESTOKK | DATO | TEGN |
|---|---|---|---|
| | 1:500 | 28.07.2015 | KjR |
| GNR/BNR: 11/152<br>KJELL H. RABBEN, SÆVIK 34, 6094 LEINØY | DENNE TEGNING ER KJELL RABBEN SIN EIGENDOM. ALL KOPIERING / GJENBRUK ER FORBUDT. | | |



FASADE MOT VEST



FASADE MOT SYD



FASADE MOT NORD



FASADE MOT AUST

VEDLEGG 2

| NAUST, FASADER | MÅLESTOKK 1:100 | DATO 28.07.15 | TEGN KjR |
|---|---|---|---|
| GNR/BNR: 11/152<br>KJELL H. RABBEN, SÆVIK 34, 6094 LEINØY | DENNE TEGNING ER KJELL RABBEN SIN EIGENDOM. ALL KOPIERING / GJENBRUK ER FORBUDT. | | |
















VEDLEGG 3

| NAUST, PLAN & SNITT | MÅLESTOKK | DATO | TEGN |
|---|---|---|---|
| | 1:100 | 28.07.2015 | KjR |
| GNR/BNR: 11/152<br>KJELL H. RABBEN, SÆVIK 34, 6094 LEINØY | DENNE TEGNING ER KJELL RABBEN SIN EIGENDOM. ALL KOPIERING / GJENBRUK ER FORBUDT. | | |

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

☒ **Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).**

☒ **Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19**

Eigedom: Gnr. 11 Bnr. 152 Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Oppføring av naust.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

§ 1-8. Plan og bygningsloven - Forbud mot tiltak langs sjø

§ 29 - Veglova - Avstand til fylkesveg.

§ 2.16 - Kommuneplanens arealdel Herøy 2013 - 2015 , herunder; Vindusareal 3 %

Grunngjeving:

- Naustet kjem nærmare enn 50m frå vegmidte på fylkesveg då vegen er under 50 meter i frå sjøkanten. Terrenget/område er derimot på ei slik låg kote at møne er ca på kotehøgde til veg. Håper derfor at ein kan få aksept for denne dispensasjonen.

- Når det gjeld vindauga som er innteikna er dei ønska for å stå i litt i stil med Sævard-bygget. Det er få bygg i området og ein håpar derfor på dispensasjon fra vindusarealet satt i kommuneplanen, for å få ei litt flottare fasade på naustet. Vindusarealet er ønska 11% mot 3% satt i planen.

☒ Varsling av naboar/gjenbuarar ............................................ vedlegg nr.:

☒ Eventuelle teikningar, kart etc. ............................................ vedlegg nr.:

☐ Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn: Kjell Rabben | Adresse: Sævik 34

Postnr.: 6094 | Postadr.: Leinøy | Telefon: 70086825 | Mobiltlf.: 91832430

Dato: 06.08.2015

[signature]

signatur

Skriv ut

import

Helsing

**JARL MARTIN MØLLER**
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 10. september 2015 07:44
**Til:** Arkiv Herøy
**Kopi:** Jarl Martin Møller
**Emne:** VS: Herøy kommune - bygging av nytt naust gbnr 11/152 - Kjell Rabben - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Helsing
**HERØY KOMMUNE**
postmottak
*7008 1300*
www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** oyunn.kleiva@mrfylke.no [mailto:oyunn.kleiva@mrfylke.no]
**Sendt:** 9. september 2015 20:02
**Til:** postmottak
**Kopi:** fmmrpostmottak@fylkesmannen.no; firmapost-midt@vegvesen.no
**Emne:** Herøy kommune - bygging av nytt naust gbnr 11/152 - Kjell Rabben - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

**Herøy kommune - bygging av nytt naust gbnr 11/152 - Kjell Rabben - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8**

Vi viser til dykkar oversending av 17.8.2015 i overnemnde sak.
Utifrå omsyn til kulturminne har vi ingen merknad.

Venleg helsing

Øyunn Kleiva
Arkeolog/Rådgjevar kulturvern

Tlf 71258867 mobil 95945835

Kulturavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

BEFLA UTV

Vår dato
08.09.2015
Dykkar dato
17.08.2015

Vår ref.
2015/4903/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg nr.
Saksbeh.
11 SEPT. 2015
Ark.kode P
Ark kode S
J nr.
Dok.nr.
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

## Herøy kommune - bygging av nytt naust – areal på vindauge- gnr11 bnr152 - Kjell Rabben
## Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**
Kommuneplanen for Herøy kommune var vedtatt i oktober 2014. Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald. Føresegnene seier at vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Arealet på vindauget si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

**Natur og miljøverninteresser**
Søknaden gjeld dispensasjon frå føresegnene som gjeld for naust. Søknaden er grunngjeven med at ein ønskjer større vindauge for at dei skal stå litt i stil med Sævard-bygget, og for å få ei litt flottare fasade på naustet. Ein ønskjer eit areal på vindauge på 11 prosent av hovudplanet sitt bruksareal.

Fylkesmannen rår ifrå at kommunen opnar opp for å dispensere frå nylig vedteken plan. Større vindauge er ikkje naudsynt for bygningen sin funksjon som naust, og føresegnene er nettopp utforma for å skilje naust frå til dømes rorbu/hytte, slik at naust ikkje skal eigne seg til anna bruk. Dersom utsjånad på tidligare oppsette bygningar i nærleiken skal gi grunn til dispensasjon frå nylig vedtekne føresegner, vil dette representere ei underminering av den nye kommuneplanen. Vi vil også peike på at med dei nylig vedtekne føresegnene for storleik på naust i Herøy, er det desto viktigare at føresegnene for bygningsutforming handhevast strengt.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | ANNLOB | Arkivsaknr: | 2015/1341 |
| | | Arkiv: | 9/10 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 89/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |

## SØKNAD OM UTFYLLING AV JORDMASSER FRÅ INGE RUNDE PÅ GNR. 9 BNR. 10

**Tilråding:**
Herøy kommune gir løyve til å fylle på reine jordmasser og planere i ei høgd på maksimalt 3 meter. Løyve gjeld eit areal på 4,1 dekar med overflatedyrka jord på gnr. 9 bnr. 10, jamfør kartet som ligg ved søknaden. Løyve er gitt med heimel i Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensningsforskriften). FOR-2004-06-01-931. Sist endra FOR-2014-01-29-77.
Det vert og gitt løyve til å omdisponere same areal frå driveplikta for ein perioden på 5 år. Løyve er gitt med heimel i §9 i Lov om jord (Jordlova). LOV-1995-05-12-33. Sist endra LOV-2013-06-14-46.

Vilkår:
1. Arealet skal drenerast.
2. Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt skal ligge til grunn for arbeidet.
3. Arealet skal ha kvalitet tilsvarande arealklassen overflatedyrka jord etter at planeringa er sluttførd.
4. Arbeidet skal vere avslutta innan 01.10.2020.
5. Viss det under arbeidet med planeringa kjem fram automatisk freda kulturminner, må arbeidet stoppast straks og det regionale kulturminnevernet varslast.

Særutskrift:
Inge Runde, Massvegen 22, 6069 RUNDE
Anton Runde, v/ Liv O. Almestad, Nokiav. 14, 1516 MOSS
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 GURSKØY

**Vedlegg:**
1. Søknad frå Inge Runde datert 02.04.2015.
2. Dreneringsplan (grøftekart i målestav 1: 750) datert 14.03.2015.
3. Oversiktskart i målestav 1: 5000 datert 10.09.2015.
4. Dreneringsplan (grøftekart i målestav 1: 1000) utarbeidd av Oddvar Gjerde ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor datert 10.09.2015.

**Saksopplysningar:**
Viser til søknad mottatt 20.04.2015 frå Inge Runde, Massvegen 22, 6096 Runde, der han søkjer om løyve til å fylle på 2-3 m jordmasse i det gamle steinbrotet ved Storvika på Runde tilhøyrande bruket Runde gnr. 9 bnr. 10 i Herøy kommune som han leiger.

Anton Runde er heimelshavar til bruket Runde gnr. 9 bnr. 10 i Herøy kommune. Liv Almestad som er verge for Anton Runde, har skrive under søknaden i lag med Inge Runde. Liv Almestad har såleis samtykka med si underskrift i at søknaden om fylling av jordmasser i det gamle steinbrotet ved Storvika på Runde vert fremja og gjennomført.

Arealet som det er søkt om å fylle jordmasser på er ifølgje www.skogoglandskap.no på om lag 4,1 daa overflatedyrka jord. Det overflatedyrka stykket i steinbrotet har eit tynt jordlag, er vassjukt og steinete. Søkjar ynskjer å fylle på om lag 2-3 meter høgde på heile arealet, og skriv i søknaden at det med fordel kan nyttast «skrotmasse» i botnen på arealet og deretter eit lag matjord på toppen før tilsåing. Arealet er tenkt drenert via eksisterande 300 mm betongrøyrledning. Viser til vedlagt dreneringsplan frå søkjar datert 14.03.2015.

Steinbrotet vart tatt i bruk i høve bygging av moloen/ brua på Runde. Planen var at etter ferdig steinuttak skulle dette steinbrotet ved Storvika på Runde fyllast opp, stellast og leverast tilbake til eigar som dyrka mark/ beitemark. Det viste seg at steinkvaliteten i steinbrotet var så dårleg at det vart vedteke å flytte og ta ut stein ved Langeneset på Runde. Steinbrotet i Storvika vart ikkje stelt slik som lova, berre eit tynt jordlag vart fylt på opp på steinen. Det vart lagt 300 mm sementrøyr som hovuddrenering. No er området steinete og vått og Inge Runde som leiger gnr. 9 bnr. 10 ynskjer å fylle på jord i dette steinbrotet, drenere arealet å så det til slik at det kan slåast. Slik den overflatedyrka marka i steinbrotet er i dag er det eit dårleg beite.

Ifølgje www.skogoglandskap.no er eigedomen Runde gnr. 9 bnr. 10 på i alt 150,1 daa, derav 28,9 daa fulldyrka jord, 4,1 daa overflatedyrka jord, 25,7 daa beite, 2,9 daa skog av lav bonitet, 8,9 daa uproduktiv skog, 13,1 daa jorddekt fastmark, 66,1 daa skrinn fastmark og 0,5 anna areal. Jordbruksarealet tilhøyrande eigedomen Runde gnr. 9 bnr. 10 i Herøy kommune har i mange år vore bortleigd til Inge Runde.

Inge Runde og kona Lill Berit Knoph Larsen driv gardsbruket Floten gnr. 9 bnr. 13 i Herøy kommune. I følgje skog og www.skogoglandskap.no har gardsbruket 29,6 daa fulldyrka jord, 6,5 daa overflatedyrka jord og 0,4 daa innmarksbeite. I tillegg leiger dei inkludert eigedomen til Anton Runde 189,0 daa fulldyrka jord, 11,5 daa overflatedyrka jord og 15,0 daa innmarksbeite. Driftsopplegget på bruket er mjølk- og kjøttproduksjon. Kona driv gardsbruket medan Inge Runde er på sjøen. Gardsbruket er medeigar i Herøy beitelag.

Den overflatedyrka jorda i steinbrotet som ligg i Storvika som han leiger er ikkje avgjerande for jordbruksdrifta til søkjar, men vil sjølvsagt bli eit godt beite til buskapen (ungdyra som går på Runde).

Søknaden gjeld påfylling av jord/ planering av eit areal på om lag 4,1 daa dårleg dyrka overflatedyrka jord som ligg i steinbrotet i Storvika på Runde tilhøyrande eigedomen Runde gnr. 9 bnr. 10 i Herøy kommune.

Det overflatedyrka arealet ligg i ei hole med rote fjell på to kantar. Planen er som sagt å fylle på 2-3 m med jordmasser over heile arealet. Søkjar skriv i søknaden at ein kan med fordel nytte «skrotmasse» i botnen og deretter leggje på eit matjordlag på toppen før tilsåing. Det ligg ved søknaden dreneringsplan. Arealet er tenkt drenert via eksisterande 300 mm betongleidning til sjø. Når arealet er ferdig oppfylt skal jorda planerast til og såast. Arealet grenser ikkje til andre naboar.

**Vurdering og konklusjon:**
Landbrukskontoret er godt kjent med dette området. Underteikna sakshandsamar har vore på synfaring i dette steinbrotet på Runde i samband med handsaming av denne søknaden. Fjellet som grenser til steinbrotet på to kantar er rote og det raser ut noko stein. Ut frå denne synfaringa har landbrukskontoret ved underteikna sakshandsamar laga ny dreneringsplan, sjå vedlegg.

Vi vil rå til at det vert brukt reine jordmasser (gjerne morenejord). Ein bør reinske ytterkantane for stein, grave open avskjeringsgrøft rundt ytterkantane av feltet inn til fjellskråningane, grøfte stykket systematisk med 110 mm drensrøyr, sette ned ein til to drenskummer for å ta overflatevatn samt etter ferdig påfylling av jord planere overflata slik at overflatevatnet kan renne av til dei opne avskjeringsgrøftene.

Det er stor byggeaktivitet i kommunane og entreprenørane har problem med å finne eigna areal til å fylle jordmasse på. Slik vi ser det, er dette eit godt eigna område å fylle på og når ein då samtidig kan få opparbeidd dårleg og vassjuk overflatedyrka jord til fulldyrka jord, slik som i dette tilfellet, så er det ei god løysing.

Det går fram av søknaden at det vil vert inngått eigen avtale mellom grunneigar og Bygg & System som gjeld både plan og kor lang tid fyllinga av jord i steinbrotet skal vare.

Fyllinga av jord på dette arealet bør gjerast innanfor ein avgrensa frist, samt at det må setjast krav om at jordmassane må vere mest muleg steinfrie og ikkje forureina.

Søknaden er vurdert ut frå naturmangfaldslova, jordlova, kulturminnelova, plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta og tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

Vi har nytta kart frå www.skogoglandskap.no og kan ikkje sjå at det er kulturminne på det omsøkte området. Næraste registrerte kulturminne ligg om lag 85 m frå ytterkanten av steinbrotet. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket vil føre til forureining slik søknaden no ligg føre.

Vi har vore i kontakt med miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og har fått tilbakemelding om at saka ikkje trengst å sendast ut på høyring. Søknaden er sjekka ut i forhold til naturmangfaldlova og det er ikkje funne at det er behov for å ta omsyn etter lova.

Vi har drøfta med leiar ved utviklingsavdelinga i Herøy kommune om søknaden skal handsamast etter plan- og bygningslova. Søknaden har eit omfang som gjer at vi meiner å kunne sjå vekk frå § 20-1 bokstav k) vesentlege terrenginngrep. Likeins vil heller ikkje forbodet mot tiltak i 100-meters belte verte gjeldande grunna tiltaket sitt omfang.

Arealstatusen på tiltaksområdet er overflatedyrka jord. Arbeidet med planering og påfylling vil føre til at arealet vert ute av drift for ei tid. Vi meiner difor det vert rett å gje løyve til mellombels omdisponering frå jordlova § 9, bruk av dyrka og dyrkbar jord.

Landbrukskontoret ser positivt på søknaden om løyve til å fylle på jordmasser/ planere om lag 4,1 daa i det gamle steinbrotet ved Storvika på Runde tilhøyrande eigedomen Runde gnr. 9 bnr. 10 i Herøy kommune.

Vi vil rå til at søkjar nyttar utarbeidd grøftekart i målestav 1: 1000 datert 10.09.2015 utarbeidd av Oddvar Gjerde ved Søre Sunnmøre landbrukskontor, men vil ikkje setje det som noko krav.  Det vil òg vere naturleg å setje krav om at jordmassane som skal fyllast på er reine samt at det vert sett ein tidsfrist kva tid tiltaket skal verte gjennomført.

Fosnavåg, 05.10.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad<br>Rådmann | Anne Kathrine Løberg<br>Landbrukssjef |

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

LANDBRUKSKONTORET
J.nr. 147/15 | Mottatt 20/04.15 | Arkiv 9/10

Vedlegg 1.

Inge Runde
Massvegen 22
6096 Runde
G.nr 9 Br.nr 13

Runde 02.04.2015

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
6080 Gurskøy

## Søknad om utfylling av jordmasse.

Som leietaker av G.nr 9, Br. nr 10 av Anton Runde søker jeg herved om tillatelse til utfylling av jordmasse i det gamle steinbruddet ved Storevika på Runde.
Arealet som det er planlagt å fylle opp, er i dag definert som overflatedyrket.

Ifm. masseuttaket ved bygging av moloen /broa på Runde var planen at dette arealet skulle fylles opp og leveres tilbake til eier som dyrket / beitemark. Pga. dårlig kvalitet på steinen i bruddet ble det besluttet å flytte til Langeneset for å ta ut stein der.
Steinbruddet på Anton Runde sitt areal ble da mer eller mindre avsluttet og forlatt uten noen form for opprydding, og arealet som det nå søkes om å fylle opp ble kun dekket med et tynnt lag myrjord.

Planen er nå er å fylle opp med ca 2-3 meter høyde på hele arealet, en kan med fordel benytte "skrotmasse" i bunn for deretter legge et lag matjord på toppen og arealet såes.
Arealet er tenkt drenert via en eksisterende 12" betong rørledning. Se vedlagte dreneringsplan.

Det vil forøvrig bli inngått en separat avtale mellom grunneier og Bygg & System vedrørende plan og varighet av utfyllingen.

Leietaker

Inge Runde

Verge for grunneier

Liv Almestad

Antall vedlegg: 2

Dreneringsplan "

— = EKSISTERENDE 12" BETONGRØR

— = NYE DRENSRØR

# Landbrukseiendom 1515 - 9/10

Markslag (AR5) 13 klasser




0 5 10 15m

Målestokk 1:750 ved A4 liggende utskrift

skog+landskap

*Dato: 2015-03-14 08:58:53 - Side 1 av 5*

Vedlegg 2.

Vedlegg 3.




SØKJAR: INGE RUNDE,
MASSVEGEN 22,
6096 RUNDE.

OMSØKT OMRÅDE.
4,1 DAA

0 50 100 150m

Målestokk 1 : 5000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 10.09.2015

GÅRDSKART 1515-9/10

Tilknyttede grunneiendommer:
9/10

skog+landskap

Markslag (AR5) 13 klasser

| TEGNFORKLARING | | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|---|
| = | Fulldyrka jord | 28.9 | |
| ≡ | Overflatedyrka jord | 4.1 | |
| Ш | Innmarksbeite | 25.7 | 58.7 |
| S | Skog av særs høg bonitet | 0.0 | |
| H | Skog av høg bonitet | 0.0 | |
| M | Skog av middels bonitet | 0.0 | |
| L | Skog av lav bonitet | 2.9 | |
| i | Uproduktiv skog | 8.9 | 11.8 |
| ≑ | Myr | 0.0 | |
| | Åpen jorddekt fastmark | 13.1 | |
| | Åpen grunnlendt fastmark | 66.1 | 79.2 |
| | Bebygd, samf, vann, bre | 0.2 | |
| | Ikke klassifisert | 0.0 | 0.2 |
| | Sum: | 149.9 | 149.9 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

☐ Eiendomsgrenser

Vedlegg 4.




0 10 20 30m

Målestokk 1 : 1000 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 10.09.2015

GÅRDSKART 1515-9/10
Tilknyttede grunneiendommer:
9/10

skog+landskap

**Markslag (AR5) 13 klasser**

| TEGNFORKLARING | | AREALTALL (DEKAR) | |
|---|---|---|---|
| = | Fulldyrka jord | 28.9 | |
| ≡ | Overflatedyrka jord | 4.1 | |
| Ш | Innmarksbeite | 25.7 | 58.7 |
| S | Skog av særs høg bonitet | 0.0 | |
| H | Skog av høg bonitet | 0.0 | |
| M | Skog av middels bonitet | 0.0 | |
| L | Skog av lav bonitet | 2.9 | |
| i | Uproduktiv skog | 8.9 | 11.8 |
| ≑ | Myr | 0.0 | |
| | Åpen jorddekt fastmark | 13.1 | |
| | Åpen grunnlendt fastmark | 66.1 | 79.2 |
| | Bebygd, samf, vann, bre | 0.2 | |
| | Ikke klassifisert | 0.0 | 0.2 |
| | Sum: | 149.9 | 149.9 |

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser

☐ Eiendomsgrenser

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2015/833 |
| | | Arkiv: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 187/15 | Formannskapet | 13.10.2015 |
| | Kommunestyret | 19.11.2015 |
| 23/15 | Komite for Helse og omsorg | 15.10.2015 |
| | Komite for næring, kultur og idrett | 16.11.2015 |
| | Komite for oppvekst | |
| 90/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |
| 14/15 | Eldrerådet | 12.10.2015 |

## TERTIALRAPPORTERING PR 01.09.2015

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 15.10.2015**

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 13.10.2015**

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

**Tilråding:**

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

**Vedlegg:**

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

**Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.09.2015.

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

> *"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding på den nye rapporten. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane.

Fosnavåg, 05.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

# Servicetorget

Servicetorgleiar /Wenche Moltu

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Ein person slutta og stillinga er ikkje lyst ut med bakgrunn i den økonomiske situasjonen kommunen er i. Dette har gjort at det har vore større arbeidsbelastning på kvar enkelt.

Kommuneval med tidlegrøysting og førehandsrøysting vart gjennomført. Ei hektisk periode etter kvart som valet nærma seg.

Ny intranettside tilgjengeleg for tilsette.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Det er gjort vedtak på kva det skal lagast handlingsplan for i utarbeiding av ny kriseplan. Arbeidet med planen er ikkje avslutta.

## 3. TENESTERAPPORTERING

I denne perioden har Servicetorget meldt eit avvik på seg sjølv som gjeld rutinar. Det er sendt fleire på andre avdelingar knytt til forhold ein meiner ikkje fungerer overfor publikum med tanke på tenestetilbod og service.

Ein har for å rydde i transporttenesta sendt ut brev til dei som ikkje nyttar ordninga for å «lage plass» til fleire.

**Utviklingsarbeid**

I denne perioden har det med ferieavvikling, redusert bemanning og val vore vanskeleg å tenke utviklingsarbeid. Leiar for Servicetorget skal vere med i interkommunal stattegigruppe med tanke på felles satsing innanfor IKT-feltet.

# Økonomiavdelinga

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Har ikkje registrert vikige hendingar i 2. tertial

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Ingenting å rapportere.

### Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

### Utviklingsarbeid

Det er ikkje sett i verk utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde.

### Anna

Vår utfordring i 2 tertial er knytt til personellressursen. Vi har hatt stort sjukefråvær i tillegg til at ein person pensjonerte seg i sommar. Det gjorde at vi fekk store problem med ferieavviklinga. Fleire av medarbeidarane har strekt seg langt for å få jula til å gå rundt med minst mogeleg plunder og heft for andre avdelingar/publikum. Det gjer at mange har fått tatt ut særs lite ferie så langt dette året.

# PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Personalportefølje

Avdelinga har arbeidd kontinuerleg med oppfølging av personalsaker, slik som krav om auka stillingsprosent og sjukefråvær.

Etablering av IA-plan for Herøy kommune

Avdelinga har utarbeidd IA-plan for perioden fram til 2018, som skal godkjennast av AMU i november.

Utarbeiding av ny lønspolitikk

I siste tertial har avdelinga og Kontaktmøte vorte samd om innhald i ny lønspolitikk for Herøy kommune. Denne vart godkjend av ADM den 21.09.15.

Lønsforhandlingsmodul i Agresso og førebuing til lønsoppgjeret

Avdelinga har saman med andre kommunar i regionen gjennomført lokal opplæring og workshop med tanke om å nytte modulen i hausten lønsoppgjer. Elles er det gjennomført lønspolitiske drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane i førekant av årets oppgjer.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

**Intern avviksrapportering**

Ingenting å rapportere frå eller til Personal- og organisasjonsavdelinga siste tertial.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingenting å rapportere frå eller til Personal- og organisasjonsavdelinga siste tertial.

**Utviklingsarbeid**

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Intern opplæring og etablering av «studiedag»

Grunna tilsetting av ny medarbeidar i avdelinga er det gjennomført intern opplæring. Vi

har òg bestemt at kvar medarbeidar skal setje av ein heil arbeidsdag til fagleg oppdatering og kompetansehevande tiltak.

Utarbeiding av program for leiaropplæring
Opplæringa er i all hovudsak knyt opp til HMS, løn og andre personalfagleg område.

Oppstart av leiarutviklingsprogram
Personalleiar samarbeider med PO-leiar og Skuleleiar om å arrangere leiarutviklingsprogram 2015-2016.

Kvalitetsarbeid
Personal- og organisasjonsavdelinga arbeider kontinuerleg med kvalitetsarbeid, slik ajourhald og oppdatering i høve lov, regelverk og avtaler. Herøy kommune nyttar Compilo (Kvalitetslosen) som verkty i saband med kvalitetsarbeid og oppfylging.

## 4. SJUKEFRÅVÆR

Tabellane nedanfor syner sjukefråværet frå 1. og 2. tertial 2015.

| **Tertialvise fråvær i % Herøy kommune. 1. tertial 2015 og 2. tertial 2015** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær** | | | | | | |
| **Avdeling** | **Fråvær 1. tertial** | **K** | **L** | **Fråvær 2. tertial** | **K** | **L** |
| Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærl. <(20) | 8,69 | 1,31 | 7,37 | 4,52 | 1,4 | 3,12 |
| Økonomi (>10) | 5,71 | 3,21 | 2,51 | 15,14 | 0,79 | 14,35 |
| Fellessekr. (<5) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Rådm./ass.rådm. (<5) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| IKT (<5) | 37,56 | 0 | 37,56 | 11,57 | 0 | 11,57 |
| Servicetorget (<10) | 8,87 | 8,87 | 0 | 0,88 | 0,88 | 0 |
| Utviklingsavd. (<10) | 7,12 | 1,66 | 5,26 | 2,07 | 0.84 | 1,23 |
| Barnehageavd. (<40) | 13,63 | 3,06 | 10,57 | 8,35 | 2,93 | 5,41 |
| Grunnskuleavd. (<250) | 7,32 | 2,44 | 5,27 | 5,38 | 0,87 | 4,51 |
| Anl. og drift (<15) | 11,58 | 3,22 | 8,36 | 4,89 | 0,42 | 4,47 |
| Brannvern (<30) | 1,09 | 1,09 | 0 | 0,28 | 0,13 | 0,15 |
| Helse (<40) | 8,01 | 0,98 | 7,02 | 6,61 | 0,74 | 5,86 |
| Pleie og omsorg (<300) | 12,08 | 2,45 | 9,63 | 8,87 | 1,98 | 6,89 |
| Bu og hab. (<75) | 16,05 | 2,99 | 13,07 | 8,02 | 2,28 | 5,74 |
| Barnevern (<10) | 14,16 | 0,71 | 13,45 | 8,08 | 0,74 | 7,34 |
| Kultur (>10) | 3,52 | 2,85 | 0.67 | 3,43 | 2,68 | 0,75 |
| Eigedom (<40) | 12,26 | 2,7 | 9,56 | 8,96 | 2,32 | 6,64 |
| NAV kommune (10) | 15,51 | 6,23 | 9,26 | 17,45 | 2,77 | 14,69 |
| Totalt fråvær | 10,53 | 2,41 | 8,12 | 7,25 | 1,55 | 5,7 |

**Personalavdelinga si vurdering av utviklinga i sjukefråværet.**

Fråværsstatistikk frå 2009 og framover




Mål og resultat sjukefraværet i 2015




Frå og med 01.01.15 vart sjukefråværet rapportert tertialvist til AMU. Dei siste oppdateringane for sjukefråvær 2. tertial vart framlagde i samband med AMU i september.

Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 7,25% for 2. tertial 2015. Dersom vi samanliknar med 3. tertial 2014 (8,27%) og 1. tertial 2015 (10,53%) ser vi her ei positiv utvikling. Samstundes som vi ser at same trend har vore gjennomgåande sidan 2010.

Av tala ser vi at det er langtidsfråværet som er dominerande, der det samla langtidsfråværet ligg på 5,7% medan det samla korttidsfråværet er på 1,55%.

**Vurdering og konklusjon:**
Generelt ser vi av sjukefråværsstatistikken at der er store variasjonar frå avdeling til avdeling, og for avdelingar med få tilsette ser vi at endringane hos nokre avdelingar er store som følgje av talet på tilsette. Døme på dette er økonomi som har hatt ein auke i sjukefråværet på om lag 10%, medan IKT har hatt ein nedgang i sjukefråværet frå 37,56% til 11,57%.

Ved nokre av avdelingane i Herøy kommune er det fleire definerte arbeidsområder og/eller yrkesgrupper, og dette gjev og utslag på samla sjukefråværsstatistikk. Dette ser vi mellom anna for dei grupperingane som ligg inn under Personal- og organisasjonsavdelinga, der hovudverneombod, hovudtillitsvalde og lærlingar også sorterer. Denne avdelinga har ein samla fråværsprosent på 4,52% for 2. kvartal, mot 8,69% førre kvartal. Vi kan konstatere at fråværsprosenten for lærlingar har gått ned frå 15,23% til 3,67%, noko som er svært bra.

Eigedomsavdelinga er ei anna avdeling som har svært samansette arbeidsområder, og i denne avdelinga finn vi ein nedgang på 3,3%, frå 12,26% til 8,96%.

Dei store avdelingane Pleie- og omsorg og Bu- og habilitering har begge ein nedgang frå siste periode. Sistnemnde har ei halvering av sitt sjukefråvær frå 16,05% til 8,02%, medan Pleie- og omsorg har hatt ein nedgang på 3,2%.

Skuleavdelinga er tilbake på 5,38% der dei jamt over har lege siste åra. Barnehage er også i ferd med å nærme seg ein fråværsprosent som er meir lik den dei har lege på dei siste åra, der statistikken for 2. kvartal no viser 8,35%.

I tillegg til dei store avdelingane som er nemnde ovanfor har barnevern også ein vesentleg nedgang i sjukefråværet med ein reduksjon frå 14,16% til 8,08%.

Ein gjennomgang av statistikken for 2. tertial 2015 viser at alle avdelingar har ein nedgang i sjukefråværet med unntak av Nav som har ein auke frå 15,51% til 17,45%.

Med grunnlag i dei tala som vi syner til, har Herøy kommune ein nedgang i det samla sjukefråværet på 3,28%.

Målet for nærvær i Herøy kommune er sett til 92,5%. Herøy kommune er for 2 tertial måloppnåande med eit nærvær på 92,75%.

Dei tala som kom fram av 1. tertial 2015, kan ut i frå dei tala som no føreligg synast som ein kortvarig tendens, meir enn ei varig endring i nærværet.

Herøy kommune er ei IA-verksemd og det vert jobba målretta med sjukefråvær, både gjennom førebygging og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 22.09.15

# IKT-avdelinga

IKT-leiar Guro Gausemel

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Migrering til driftssenteret

Flytting av brukarar so og seie fullført. Flytting av tenester og program har vore fokus i denne perioda. Grunnleggande nettverks tenester er flytta som DNS og DHCP. Programma Velferd, Flyktning, Familia og Winmed helsestasjon er flytta. Vi har fått slått av fleire lokale serverar og fasa ut både helse- og sosialdomenet.

Nytt journalprogram for legesentera og legevakt

Begge legekontora og legevakta har no gått over til System X. Programmet er installert på serverar på driftssenteret på Hareid.

Lærling starta på avdelinga

Einar Einarsson tok til som lærling på avdelinga i Juli.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

| DATO: 27.05.2015 | AVVIKSTITTEL: Manglande respons frå IKT | AVVIKS-ID:1352 |
|---|---|---|
| Avvik | Biblioteket har avtalt ei oppgradering av publ.PCane i aug/2014, inkl. å få tilgang til ny skrivar (okt/2014), samt bedt om å få passord til adm. av publ.PCane. Purringar på avtalen skjer pr. fysisk frammøte, tlf. og e-post. Tilbakemeldingane pr. fysisk møte/tlf er at dei skal ta det ved høve, men at dei ikkje kan vere konkrete på dato, då dei har meir presserande oppgåver. E-postar får vi ikkje svar på. | |
| Status | Lukka | |
| Tiltak | Bemanningssituasjonen på avdelinga er betra og vi har fått starta på prosjektet med nye datamaskiner og nettbrett til biblioteket. | |
| Framdrift | | |

| 22.09 | **AVVIKSTITTEL: Manglande oppfølging** | **AVVIKS-ID: 1419** |
|---|---|---|
| **Avvik** | Geir Egil kjem innom då Trio og kalender ikkje samhandler.<br>Dette har vore eit problem over tid og det vart gjort avtale med IKT om at dei sjekker kvar morgon om det er stopp i overføringa. Avtale om denne rutiner hos IKT vart gjort 15.09.2015<br><br>IKT vart ringt i dag på 1330 og tilsette der kjente ikkje til avtalen. | |
| **Tiltak** | Alle tilsette på avdelinga er informert om avtala om restart, det er også laga ein kalenderhendelse med påminning kvar morgon. Vi opplevde ein dag at det 30 minutt etter restart hadde stoppa opp igjen. Vi har (igjen)kontakta konsulenten hjå Atea som har gjort oppsettet og sagt at han må rette opp feilen. | |
| **Status** | Lukka | |
| **Framdrift** | Ventar på svar frå konsulent hjå Atea | |

| 28.09 | **AVVIKSTITTEL: Kjem ikkje inn i kvalitetslosen** | **AVVIKS-ID: 1432** |
|---|---|---|
| **Avvik** | Helseavdelinga kjem ikkje inn i Kvalitetslosen. Dette gjer at dei ikkje har nødvendig informasjon i arbeidet .<br><br>Tilsette i helseavdelinga opplyser at dei har meldt dette inn til IKT og purra på fleire gonger | |
| **Status** | Ventar tilbakemelding om kva brukarar det gjeld.<br><br>Det er alt for vagt å seie helseavdelinga, då eg veit at mange der har tilgong. Eg må nesten få vite spesifikt kven det gjeld. Dei som har hatt problem med å kome inn i Losen er dei som har fått nye brukarnamn under flytting av kontoar. Vi har sendt inn lister til losen med dei som skal leggast inn med nye brukarnamn, men etter at dei vart compilo har dette tatt lang tid. Helsestasjonen er dei siste som vart flytta. Der fekk eg stadfesting frå compilo fredag om at dei no var lagt inn med rett brukarnamn. | |
| **Framdrift** | Påloggingsproblema gjeld dei som har fått nytt brukarnamn under migreringa. Det er compilo som må legge inn nye brukarnamn. Vi har sendt lister med dei som har fått nye brukarnamn til compilo. Vi har ettersendt informasjon om dei brukarane som melder at dei ikkje kjem inn. | |

## Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

## Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

<u>Gemini VA</u>

Program og database vert flytta til driftssenteret, oppgradert og klargjort for Gemini Portalløysinga

Flytting av personlege lagringsområde
P:områda skal flyttast til driftssenteret. Fyrst må kvar enkelt brukar rydde i filene sine då det vert innført ei lagringsgrense på 5GB. Ein må verte flinkare å nytte fellesområda til lagring.

Overgong til mobilt sentralbord
Vi vil bytte ut Trio til fordel for den same mobile sentralbordløysinga som fleire av dei andre kommunane i SSIKT har gått over til. Arbeidsgruppe so langt har vore Guro Gausemel, IKT, Wenche Moltu, Servicetorget og Margrethe Steinsvik, Innkjøp.

Testflytting av Ephorte
Det er satt opp ein testversjon av Ephorte på driftssenteret som skal testast av Fellessekreteriatet

# Barnehageavdelinga

Laila Kvalsund Solhaug

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Hending

Kommunene har svart på klagen frå PBL om kommunalt tilskot for 2015.
Har ikkje høyrt noko frå PBL etter det.

Hending

Framleis  ledige plassar i nokre av barnehagane.

## 1. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

## 2. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial: 1 avvik

| Dato | Avvik | Alvorsgrad |
|---|---|---|
| Status | Personskade, barn. Avviket er lukka. | Høg |
| Framdrift | Rutinene er skjerpa. | |

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingen registrerte pålegg.

# SKULEAVDELINGA

Sølvi Lillebø Remøy

## 1. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.mai – 1.september 2015 frå kommunestyret:

Ingen saker frå skuleavdelinga handsama i kommunestyret i mai, juni eller august 2015.
Følgjande sak hadde krav om oppfølging:

| **Saksnummer K-sak 49/15** | **Sakstittel Forvaltningsrevisjonsprosjektet Spesialundervisning i grunnskulen** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet for spesialundervisning i grunnskulen i Herøy kommune.<br>2. Kommunestyret vedtek at kommunen skal utarbeide vedtak også i dei tilfelle der PPT ikkje tilrår spesialundervisning. Dette for å sikre rettigheitene til elevar og føresette.<br>3. Kommunestyret vedtek at kommunen skal ha rutinar som sikrar utarbeidiing av Individuelle opplæringsplanar, basert på enkeltvedtak og halvårsrapportar. Planane skal ligge føre før eit nytt skuleår startar.<br>4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av pkt 2 og 3 og even.framdrift til kontrollutvalet innan 25.august 2015. |
| **Status** | Arbeidet med vedtak, halvårsrapportar og IOP'ar er i gang |
| **Framdrift** | Rapportering til kontrollutvalet innan 25.august. |

Rapport er utarbeidd og innsend innan fristen.

## 2. TENESTE

Ingen melde avvik.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingen registrerte pålegg.

Fosnavåg, 10.september 2015
Skuleleiaren

# Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar  for Barn-, familie og helseavdelinga
Inger Marie Tofthagen

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Hending
Det er fortsatt vanskeleg å få tilsett i ledige fastlegeheimler. Vakansar over tid har skapt utfordringar. Det arbeidast kontinuerleg med å skaffe legevikarar for korte og lange periodar  og frå september vil situasjonen vere noko betre.

Hending
Psykologen er på plass. Dette er positivt så vel for den einskilde pasient som for kommunen som heilheit.  Arbeidet fordelast med om lag 50% pasientbehandling og 50% tilgjengelegheit for andre fagpersonar i kommuna.

Hending
Rådmannen har vedteke at NAV skal verte ein del av avdelinga frå 1.1.2016. Arbeidet med iverksettinga av dette er i gang.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt 4  avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

To avvik gjeld manglande registrering i fråværssystem (TRIO). Eit  avvik gjeld manglande informasjon om eventuell smitterisiko og eit gjeld manglande tilgjengeleg hjelpepersonale i legevakt. Alle avvika er handsama og lukka.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Organisering av tenesta for rusmisbrukarar
Arbeidsgruppe som vurderte organiseringa av tenesta for rusmisbrukarar la fram rapporten. Det vidare arbeidet med å få gjennomført endringa er i gang.

Vurdering av forsvarlege tenester
Avdelinga har også nå arbeidet aktivt med å vurdere kva som vil vere forsvarlege tenester innan dei ulike områda. I denne samanhengen er det vel så mykje drøfta kva som ligg i det øvre sjiktet som i det nedre når det gjeld forsvarlegheit.

Tverrfagleg arbeid
Saman med dei øvrige avdelingane som arbeider med tverrfagleg tilnærming for barn og unge har avdelinga set i gong arbeidet med å reorganisere og vitalisere organiseringa av arbeidet.

# PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Erfaringar med vakanse i leiarstillingar

Det vart sist rapportert om at leiarstillingar var halde vakante ei periode som følgje av innsparingspålegg. Dei viktigaste driftsfunksjonane vart dekte opp ved at kollegaer delvis vart flytta, og hjalp kvarandre for å sikre fagleg forsvarleg drift. Fleire mellomleiarar rapporterer no om stor slitasje på organisasjonen, og dei sjølve som enkeltpersonar som følgje av dette. Erfaringa viser at så store avdelingar må ha ein leiar tilstades som ivaretek den daglige drifta. Mellomleiarane har gjort ein stor ekstrainnsats med å få dette vel i hamn, i tillegg til ferieavviklinga som vert stadig meir utfordrande.

Ferieavvikling med endra føresetnadar

Avdelinga opplever ei endring i pasientgruppa etter samhandlingsreforma, og det er vanskeleg å dekke opp med fagkompetanse. Med fleire dårlege/terminale pasientar som krev sjukepleiekompetanse løyser ein dette ved å arbeide på tvers av avdelingar, forskyve vakter eller leige inn sjølv om dette utløyste overtid. Av og til vert det gjort ekstra-innleige av assistent for å frikjøpe sjukepleiar til å gå på topp.
I fjor prøvde vi med vikarbyrå for to stillingar i Myrvåg, og i år vart dette utvida til også å gjelde ved Herøy omsorgssenter den ein har hatt vikarbyrå i 6 veker tilsvarande 100 % stilling på natt. Dette har gitt ei meirutgift i høve vanlig innleige, men det har også gitt ei betre faglig drift i sommar og ein unngår behov for bakvakter, overtid og forskjøvet arbeidstid. Bruk av vikarbyrå har vore viktig for å sikre fagleg god kvalitet på drifta, og unngå rovdrift på dei faste sjukepleiarane. Vi har også hatt inne dyktige lærlingar denne perioda, og dette er spesielt gunstig under ferieavviklinga. Slik har vi spart sjukevikar og ferievikar. Sidan vi har hatt ein del ledige sengar har det også vore spart ved innleige når ein kan unngå det.

Har også inne personar på arbeidstiltak frå Nav. Dette er positivt og vi har erfart at dette har medført rekruttering for vidare engasjement.

Samhandlingsreforma fører til ekstra kostnadar og krev meir kompetanse

Pasientane vert meir aktivt behandla i institusjon, td med intravenøs antibiotikabehandling, som krev sjukepleiekompetanse. Behov for forskyving av sjukepleieressurs og dyr medisin/utstyr gir ekstra kostnad. Av og til vert pasientane poliklinisk undersøkt før behandling i sjukeheim. Dette utløyser behov for følgje til sjukehus. Ekstra kostnad vert ekstrainnleige av personal der pårørande ikkje kan bli med. Venting på returtransport frå sjukehus(pasientreiser) utløyser ofte overtid for følgje.

Pasientane kjem tidlegare frå sjukehus, og dette utløyser ofte behov for observasjons/sjukepleiekompetanse. Pasientar som får kortidsopphald for vurdering treng og vurderingskompetanse både sjukepleiefagleg og medisinsk. Dette utløyser behov for behov for lege fleire gongar pr veke. Legemangelen i Herøy merkast godt på omsorgssentra. Leiarane ved raud/grøn/gul ser positiv effekt av ordninga vikarierande tilsynslege Bjørn-Martin Aasen har etablert, då han er tilgjengeleg x 3 pr veke.

Nytt og moderne pasientvarslingsanlegg.

Har omsider fått nytt varslingsanlegg på plass ved Herøy omsorgssenter. Dette omfattar også brannvarsling. Begge systema har vore ute av drift sidan lyn-nedslaget i jula 2014. Det har vore ein lang og krevjande prosess å få dette på plass, Det har vore litt «barnesjukdomar», men det ser no ut til å gå seg til.

Overføring av gudsteneste frå kyrkja til omsorgssenteret

I sommar kunne Herøy Rotary endeleg setje sluttstrek for eit mangeårig prosjekt med å få til overføring mellom Herøy kyrkje og omsorgssenteret. Storskjermen vart gitt i gåve for fleire år sidan, og utstyret var sponsa av Datatech ved Jon Kvalsund. Sistnemnde har vore ein aktiv samarbeidspart for å få dette i mål saman med Herøy Rotary, kyrkjeverje og IKT-avdelinga i kommunen. Hendinga vart markert på sjukeheimen i sommar.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen frå 1.5.15 – 31.8.15:

| Kategori | Tal samla | Låg alvorsgrad | Middels alvorsgrad | Høg alvorsgrad |
|---|---|---|---|---|
| Helse, miljø og tryggleik | 41 | 13 | 20 | 8 |
| Organisasjon | 6 | 3 | 2 | 1 |
| Teneste/brukar | 64 | 16 | 32 | 16 |

Vi var utan tilgang til kvalitetslosen i deler av andre tertial og, men dette viser ein fin auke frå dei 65 som vart meldt i første tertial. Avvik vert lukka fortløpande. Vi treng å jobbe meir med alvorsgrad, då eg ser at folk tenkjer veldig ulikt om dette. Dei fleste av avvika på teneste/brukar er knytt til medikamenthandtering, og då spesielt i heimetenestene. Dette har hatt fokus i avdelinga siste året, men praksis er framleis ikkje god nok, så her må ein arbeide vidare med temaet.

Vald og truslar er eit aukande problem. Fleire avdelingar har gjennomført opplæring i tema tvang og makt, og deler av fagdagane er på nokre avdelingar brukt som arena for veiledning og drøfting kring dette temaet. Grunnbemanninga er lav, så ein legg vekt på forsterke bemanning etter behov.

Både leiarane for institusjon og heimeteneste melder om problem i drifta som følge av legesituasjonen i Herøy.

**Avvik frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Tilpasning til helsenett
Det pågår framleis eit omfattande utviklingsarbeid med å knytte omsorgstenestene til helsenett. Der går no E-linkar med melding om ferdigbehandla pasientar mellom sjukehuset og omsorgstenesta. Det neste målet er å få opp elektronisk kommunikasjon mellom omsorgstenesta og legane i kommunen.

Prosjekt vikarbank
Prosjektet er under arbeid med midlar frå fylkesmannen til frikjøp av prosjektleiar i 20% stilling fram til sommaren 2016. På grunn av vakanse i leiarstilling i Myrvåg har prosjektet fått ei seinare framdrift enn planlagt, men ein er no i rute igjen.

Prosjekt aktivitetsvenn
Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, fekk Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket tilbod om å vere med på prosjektet Akitivitetsvenn. Det er gjennomført eit ope møte for å rekruttere aktuelle personar, og det er gjennomført opplæring av aktivitetsvennar._Avdelingane som er med i prosjektet har fått tildelt sine aktivitetsvennar, og det vert jobba med «matching» av aktivitetsvenn/pasient.

Deltaking i konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk»
Landbruksdepartementet har i samarbeid med Fylkesmannen invitert alle sjukeheimane i landet til å delta. Vi har difor i år ekstra fokus på matglede og ernæring, og vi har vore med på å skape fleire gode samlingar med både tradisjonsmat og festmat som tema. Kjøkkensjefen fortel at dette skaper engasjement for dei tilsette, og er med på å ha fokus på kor mykje god og rett samansett mat har for helse og trivsel.

# BU- OG HABIILITERINGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

## 1. VIKTIGE HENDINGAR ANDRE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Omsorgsbustaden,Toftestøvegen 11, i full drift frå 22. juni:
Opning av dei nye omsorgsbustadane til unge funksjonshemma vart gjort med glede for både brukarar og tilsette den 24.april. Bebuarar og personale var alle på plass 22.juni.

Vannskade på Toftetunet omsorgsbustad:
Toftetunet omsorgsbustad, fekk omfattande vannskade like før sommarferien. Bebuarar som var mest berørt av hendinga måtte flytte ut av bustaden, i samband med renovering og oppussing. Bustaden skal etter planen vere klar til innflytting igjen i løpet av oktober.

## 2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.5.2015- 31.8.2015:

Ingen vedtak

## 3. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen frå 1.5.15 – 31.8.15: 19 avvik

| Kategori | Tal samla | Låg alvorsgrad | Middels alvorsgrad | Høg alvorsgrad | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Helse, miljø og tryggleik | 7 | 3 | 2 | 2 | 7/7: Lukka |
| Organisasjon | 1 | | 1 | | 1/1: Lukka |
| Teneste/brukar | 11 | 1 | 4 | 6 | 11/11: Lukka |

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingen tilsyn, ingen registrerte pålegg.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Arbeid med «Herøy ressurssenter»:
Herøy kommune har sidan 2004-2005 arbeid med tankar om samordning av dagtilboda til utviklingshemma i Herøy kommune. Prosjektet er no utvikla til å kunne gjelde eit større samfunnsmessig behov i kommunen. Behova er kartlagt og per d.d er eigendomsleiar i gang med byggeprogrammet for dette utviklingsarbeidet, som har fått «Herøy ressurssenter» som arbeidstittel. Utfordringa no er å lande på val mellom påbygg/nybygg, tomtelokasjon og vurdering av alternative løysingar for drifta av Herøy produksjon i ei byggeperiode.

Arbeid med utvikling av «kompetanseteam»:
Bu- og habiliteringsavdelinga arbeidar med eit med vikarprosjektet som har arbeidstittel « Eit kompetanseteam». Ideèn handlar om å tilsette personell i heile stillingar som skal arbeide på tvers i bu- og habiliteringsavdelinga. I kompetanseteamet vurderar vi alternative turnusar med komprimert arbeid og opp til 12,5-13 timars vaktlengde og større grad av friperiodar.

Kompetanseteamet har som hensikt å dekkje mesteparten av det daglege vikarbehovet i avdelinga, der vi likevel må bruke pengar for å ha vikar og skal vere eit arbeidsgivargrep i forhold tilt å sikre høg fagkompetanse, i staden for å få nye krav om auke i stilling frå personell utan utdanning, etter innstramminga i lovverket frå 1 januar 2015 om vikarbruk. Det er avdelingsleiar for Nestunet som er prosjektleiar. Prosjektet er forankra i årsplanen og er elles i samarbeid med HTV og HVO i kommunen. Målet er å få prosjektet klart som ei eiga grunngjeve sak i samband med budsjettarbeidet for 2016.

# NAV Herøy

Berit Lyngstad, NAV-leiar

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Arbeidsmarknad

NAV Herøy har om lag 110 registrerte bedriftskontaktar i 2 . tertial. Dette omhandlar både bedriftsbesøk, oppfølging av arbeidstakarar ute i praksis, hjelp til rekruttering og formidling av arbeidskraft, informasjon og rettleiing om ulike tiltak og tilskot, samt bistand ved permittering og nedbemanning.

Arbeidsløysa har hatt ei auke i 2. tertial. Ved utgangen av august var den 3.1 % i landet, 2.9 % i fylket og 3.7 % i Herøy. Det er forvenmta at arbeidsløysa vil auke ut over hausten. NAV Herøy har tett kontakt med arbeidsgjevarar og arbeidstakarar knytt til nedgangen i maritime næringar.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

**Intern avviksrapportering**

Ingenting å rapportere.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**

Evaluering av teneste for rusavhengige

Ei arbeidsgruppa leverte forslag til organisering av rus som er framlagt Formannskapet. NAV Herøy vil frå 01.01.2016 bli underlagt avdeling Barn,-familie og helse.

# KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Folkebiblioteket

- Deltaking i prosjekt initiert av Ivar Aasen-tunet om «Barneboktua». Eit ute-bibliotek beståande av postkasse med bøker for born er sett opp langs naturstien på Herøy gard. Alle som vil kan ta turen og lese bøker på staden (ikkje til utlån).
- Leseomboda, saman med tilsette frå biblioteket, har hatt lesestund ved «Barneboktua» kvar torsdag føremiddag i juli og august fram til skulestart. Tilbodet har vore ein del av Herøy kystmuseum sitt prosjekt «Sommar på Herøy».

Frivilligsentralen

- Saman med Barnas Turlag, er det utarbeidd ordløype for born langs naturstien på Herøy gard. Løypa er leier forbi barneboktua.
- Har bidrege med ressursar i Herøy kystmuseum sitt prosjektet «Sommar på Herøy».
- Førebuingar til årets TV-aksjon til inntekt for Regnskogfondet.
- Innmeldt i nystarta organisasjon for frivilligsentralar. Det har vore, og er enno, ei svakheit at frivilligsentralane ikkje har ein nasjonal, demokratisk paraplyorganisasjon, eit forum som representerer frivilligsentralane overfor myndigheitene.

Ungdomsseksjonen

- MOT-arbeid i skulane.
- Har bidrege med ressursar i Herøy kystmuseum sitt prosjektet «Sommar på Herøy».

Kulturkontoret

- Utgreiingar i høve KOSTRA-rapporten
- Førebuing/gjennomføring «Herøyspelet»
- Samarbeid med Selja Forlag om løype for byvandring i Fosnavåg
- Tilrettelegging for korpsaktivitet ved kulturhuset
- Rutinar og avtalar knytt til konserthus og kino
- I samarbeid med eigarstyret på Herøy kystmuseum har kulturavdelinga bidrege med ressursar i prosjektet «Sommar på Herøy». Målet med arbeidet har vore auka aktivitet og fleire besøkjande til garden.

Konserthus og kino
- Rutinar og avtalar på konserthus og kino
- Deltaking på konferansar og ulike nettverk

Kulturhus og idrettshall
- Avhending og relokasjon av materiell i fleire lokalar, samt tømt «trimrommet», for tilrettelegging av bygging kontor og lager til IKT-avdelinga.
- Driftsgjennomgang

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Komiteen for næring, kultur og idrett 18. mai 2015:

| 42/15 | SØKNAD OM KULTURMIDLAR – UNDERSKOTSGARANTI, HERØY MÅLLAG |
|---|---|
| Vedtak | 1. Herøy Mållag får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 5 340 til arrangementet Litteratur og Quiz på Madelynn Coffee 22.10.2015.<br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.<br>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| Status | |
| Framdrift | Tilskot vert utbetalt når pkt. 2 i vedtaket er oppfylt av tilskotsmottakar. |

| 43/15 | SØKNAD OM KULTURMIDLAR – SKILTING OG MERKING, BERGSØY IDRETTSLAG |
|---|---|
| Vedtak | 1. Bergsøy Idrettslag Trimgruppa får tilsegn om kr. 10 500 til skilting og merking av Heid-løypa. Det skal sendast melding til kommunen når prosjektet/turruta er merka, skilta og registrert..<br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre fakturaoversikt for arrangementet.<br>3. Tilskotet skal dekkjast over investeringsbudsjettet, «Merking av turstiar i Herøyfjella».. |
| Status | |
| Framdrift | Tilskot vert utbetalt når pkt. 2 i vedtaket er oppfylt av tilskotsmottakar. |

Formannskapet 15. juni 2015:

| **123/15** | **RUNDE MILJØSENTER** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Herøy formannskap meiner at etablering av besøkssenter våtmark på Runde er av stor verdi sett i lys av dei unike naturkvalitetane området har, og gir si støtte til initiativet om etablering av eit slikt senter.<br>2. Kommunen si støtte til etableringa er forankra i kommuneplanens samfunnsdel, samt andre vedtak som støttar Runde Miljøsenter si verksemd. |
| **Status** | Avslutta.<br>Miljødirektoratet avslo i september søknaden frå Runde Miljøsenter om å bli besøkssenter for våtmark. |
| **Framdrift** | Uttalen er sendt Runde Miljølsenter og vart del av institusjonen sin søknad til Miljødirektoratet om å bli besøkssenter for våtmark. |

Kommunestyret 25. juni 2015:

| **87/15** | **VAL AV TO STYREMEDLEMMER MED PERSONLIG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL** |
|---|---|
| **Vedtak** | Til styret i Herøy Frivilligsentral vert valde:<br><br>Styremedlem: Karl Anders Brendmo, Gudbjørg Dale<br>Personleg vara: Karine Sæter, Åshild Ørnhaug |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | |

Komiteen for næring, kultur og idrett tilbake til 26. feb. 2015:

| **10/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERING, BERGSØY IDRETTSLAG** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Bergsøy Idrettslag får tilsegn om tilskot til eingongsinvestering på kr. 20 000 til miljø og folkehelsetiltak langs Heid Turløype slik omsøkt.<br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.<br>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar. |
| **Status** | Avslutta.<br>Tilskot utbetalt. |
| **Framdrift** | |

Komiteen for næring, kultur og idrett tilbake til 16.mar. 2015:

| | |
|---|---|
| **15/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - UNDERSKOTSGARANTI, HERØY JANITSJAR** |
| **Vedtak** | 1. Herøy Janitsjar får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 15 000 til arrangementet «Queen-konsert» i Fosnavåg konserthus laurdag 28. februar 2015.<br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.<br>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta.<br>Tilskotsmottakar har meldt tilbake at det ikkje er behov for å løyse ut garantien. |
| **Framdrift** | |

Kommunestyret tilbake til 30. apr. 2015:

| | |
|---|---|
| **48/15** | **KYSTPILEGRIMSLEIA** |
| **Vedtak** | 1. Kommunestyret er positive til prosjekt Kystpilegrimsleia, og ynskjer å ha ei synleg rolle i satsinga.<br>2. Kommunestyret ynskjer at Herøy gard skal vere fyrtårnet for den lokale satsinga på Kystpilegrimsleia.<br>3. Kommunestyret ynskjer ei prosjektgruppe med ein representant kvar frå: Herøy kyrkje, Herøy kystmuseum, Herøy Næringsforum v/reiselivsgruppa og kulturkontoret. Andre ressursar vert involvert etter behov.<br>4. Kulturleiar har ansvar for koordinering av gruppa. |
| **Status** | Herøy har tatt i mot regional pilegrimsgruppe (ca. 25 p.), samt gjennomført lokal pilegrimsvandringar med båt frå Indre Herøy kyrkje til Herøy gard, og på garden ifm. Herøyspelhelga. Det er grunn til å tru at pilegrimar og har besøkt kommunen vår i eigen regi.<br><br>Fylgjande representantar er oppnemnde:<br>- Herøy kyrkje – Bjørn Otterlei<br>- Herøy kystmuseum – Håvard Hatløy<br>- Herøy Næringsforum - ikkje oppnemnd<br>- Kulturkontoret – kulturleiar |
| **Framdrift** | Vidare oppfylgjing av prosjektet i regi av prosjektgruppa og saman med prosjektet for den nasjonale «Kystpilegrimsleia» |

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik til anna avdeling:
Etterslep frå eigedomsavdelinga på leveransar til vår avdeling:

- rehabilitering av lokale i fritidsklubben etter fleire vannlekkasjar ifm bygginga av Sunnmørsbadet. Konsekvens av forseinkinga er at fritidsklubben har vore stengt for aktivitet med unntak av PU-klubb, også etter at badet opna våren 2015.
- etablering av lagerrom for korpsa som øver på kulturhuset. Konsekvensen har vore at andre rom på huset ikkje vert tømt for å leggje til rette for ny aktivitet, og at verdifullt musikkutstyr er utsett for skade. Kulturavdelinga overtok sidan, etter avtale med eigedomsavdelinga, arbeidet med å etablere lagerrom sjølve.
- etablering av lagerrom for materiell og utstyr knytt til idrettshallen. Konsekvens av forseinkinga er at avdelinga ikkje får tatt vare på og rydda utstyr vekk frå fellesareal og rømingsvegar.
- planlagd flytting av IKT-avdelinga for å gje plass til frivilligsentralen på kulturhuset. Konsekvens av forseinkinga er at vi ikkje oppnår forventa reduksjon i husleigekostnader for sentralen, og tilsvarande auke i husleigeinntektene ved kulturhuset. I påvente av avklaring kan ikkje planlagd areal nyttast.

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) siste tertial:
Ingen.

**Avvik frå offentlege tilsynsorgan.**
Ingenting å rapportere.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Fremje sak til politisk behandling om organisering av drifta ved konserthus og kino.
Under utarbeiding.

God og hensiktsmessig leiing og drift av kulturhuset og idrettshallen.
Saka vart fremja for kommunestyret før sommaren.
Avdelinga arbeider med avklaringar og tiltak knytt til saka.

# TERTIALRAPPORT
# **DRIFT**

# ANLEGGS- OG DRIFTSAVDELINGA

Einingsleiar Jon Rune Våge

## 1. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

## 2. TENESTE

Det er meldt slike avvik:

### 5061/338 Førebygging av brann og ulukke

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | **Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt** | **Alvorleg** |
| **Status** | Er under arbeid. | |
| **Framdrift** | Målset gjennomføring i løpet av 2015. | |

### 5061/339 Brann- og ulukkesberedskap

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Fosnavåg og Myrvåg brannstasjon har ikkje garderobar i samsvar med krav i Arbeidsmiljølova | **Alvorleg** |
| **Status** | Planleggingsarbeid er i gang for å tette avviket, men det er ikkje løyvd midlar til evt. ombygging/nybygg. | |
| **Framdrift** | Uviss | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | 2 av 5 befalsstillingar vakante | **Alvorleg** |
| **Status** | To befal slutta i stillingane sine 1. august 2015. Vakante pga. at ein ikkje fikk kursplassar ved Norges Brannskule(NBSK) i 2015 til gjennomføring av naudsynte lovpålagde kurs for befal. (Var 100 søknader til 20 kursplassar). 3 befal må dele på befalsvakta dvs. vakt kvar 3 veke, medan det etter brannordninga skal vere vakt 5 kvar veke. Ikkje haldbart over tid. | |
| **Framdrift** | Eitt nytt befal har fått tidsavgrensa disp. frå krav om kurs og kan truleg gå inn på befalsvakta i løpet av oktober 2015 etter gjennomføring av 160-kurs, lovpålagt for Utrykningskøyring. Uviss framdrift då ein ikkje veit om ein får plassar ved NBSK i 2016. Tidlegast løyst til sommaren 2016. | |

### 5062/338 Feiing

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Abonnentar har ikkje tilrettelagt for forskriftsmessig utføring av | **Alvorleg** |

| | | |
|---|---|---|
| | feiing. | |
| **Status** | Gjeld om lag 700 abonnentar. Talet går noko ned år for år. | |
| **Framdrift** | Uviss. | |

## 5122/332 Vegvedlikehald

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | 1. Dårleg dekke og bereevne på mange av dei kommunale vegane.<br>2. Generelt mangelfull grøfting/drenering langs vegane<br>3. Behov for reasfaltering inkl. nødvendige forsterkningar<br>4. Ressursmangel gjer at vedlikehaldet er begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov. | **Alvorleg/Moderat** |
| **Status** | Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

## 5125/ 380 Idrett

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald | **Moderat** |
| **Status** | Anlegga er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

## 5126/335 Sentrum og grøntanlegg

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald | **Moderat/Alvorleg** |
| **Status** | Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

## 5123/330 Hamn

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | 1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle<br>2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført<br>3. Manglar ved straumforsyningsanlegg, fenderverk m.m. | **Alvorleg/Moderat** |
| **Status** | Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

## 5131/353,350 Avlaup

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Har ikkje teknisk vakt. | **Alvorleg** |

| | | |
|---|---|---|
| **Status** | Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert. Ein kan ikkje pårekne at dei tilsette stiller opp til alle døgnets tider. Enkelte vert for mykje belasta utanom normalarbeidstid. | |
| **Framdrift** | Målset oppretting av teknisk vakt i 2015. | |

## 5121/332 Veg- og gatelys

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Det går for lang tid å få gjort utført nødvendig drifts- og vedlikehaldsarbeid på veglysnettet. | **Moderat** |
| **Status** | Manglande kapasitet hos Mørenett AS og i Anlegg og driftsavdelinga for utført reparasjon og oppfølging av feil og manglar på veglysnettet. Mørenett AS er einaste leverandør av slike tenester. | |
| **Framdrift** | Etter kapasitet på avdelinga og hos Mørenett AS. | |

## Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

<u>Arbeidstilsynet:</u>

| | | |
|---|---|---|
| | **Tilrettelegging/etablering av skiten og rein sone(garderobe) ved kommuneverkstaden** | |
| **Status** | Pålegg frå Arbeidstilsynet om manglande tilrettelegging av skiten og rein sone (garderobe) ved uteseksjonen til Anleggs- og driftsavdelinga. Ikkje mogleg å få til i dagens lokale. | |
| **Framdrift** | Nye lokale må byggast. | |

TERTIALRAPPORT

**ANLEGGSPROSJEKT**

Anlegg- og driftsavdelinga

# ANLEGGSPROSJEKT UNDER PLANLEGGING

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge

| | | |
|---|---|---|
| **Prosjektnr.**<br>**51405** | **Prosjektnamn**<br>**Opparbeiding Ytre Almenning** | **Prioritet** |
| **Status** | Under planlegging | |
| **Framdrift** | Kapasitetsavhengig | |

## Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | Løyving i budsjett 2014 |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

## Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving | 1.500.000 |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | 1.500.000 |
| Rekneskap | 169.463 |
| Restløyving | 1.330.537 |

| | | |
|---|---|---|
| **Prosjektnr.** | **Ny bru til Herøy gard** | **Prioritet** |
| **Status** | Vegtilkomst på begge sider er ferdig planlagt. Bru som Statens Vegvesen skulle levere var i ein slik stand at den ikkje kunne nyttast. Ny bru må prosjekterast og godkjennast av ulike instansar som m.a. Riksantikvaren. Tidlegare års løyvingar vart vidareført til 2015 med 500.000 kroner. | |
| **Framdrift** | Det er i årsplan målsett avklaring vedkomande brukonstruksjon i 2015 med sikte på bygging i 2016. Ressursmangel gjer at dette kan bli forsinka. | |

## Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging brukonstruksjon | Hausten 2015 |
| Kvalitetssikring/godkjenning brukonstruksjon | Vinteren 2015/2016 |

| | |
|---|---|
| Politisk handsaming | Våren 2016 |

## Økonomirapport

Prosjektet er til no rekneskapsført med ein kostnad på 70.000 kroner.

| **51205** | **Leikanger skule – parkeringsplass/snuplass** | **Prioritet** |
|---|---|---|
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
  - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag
  - Ved kostnadsoverslaget skal det leggjast ved enkelt grøftekart (1:1000 el. 1:2000).
  - Arbeidet skal fagmessig utførast med godkjente drensrør og dekkmateriale.

- Hydrotekniske anlegg, slik som opne kanalar.
  - Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Høytørke.
  - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Klimaplanting/ leplanting.
  - Enkeltiltak: Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.
  - Samarbeidstiltak: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Generelt:
For tiltak på kulturmark- miljø, og vedlikehaldsgrøfting kan ein søkje om midlar på leigd areal.

18.04.2013
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Landbruk

Saksbehandlar, innvalstelefon
rådgivar Byrge Fitje, 71 25 84 16

Vår dato
11.02.2015
Dykkar dato

Vår ref.
2015/827/BYFI/510
Dykkar ref

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg nr | Saksbeh
16 FEB. 2015
Ark kode P
Ark kode S
J nr | Dok nr
Kassasjon

Kommunane i Møre og Romsdal

# Tildeling av midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2015
# Tildeling av midlar til Drenering av jordbruksjord 2015

**SMIL:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, skal tildele virkemidlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket i ei årleg disposisjonsramme til kommunane. Kommunane prioriterer tiltak etter forskrift og vedtekne strategiar innanfor forskrifta til SMIL-ordninga.

Tildelinga gjeld for følgjande ordning: "Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket"

| | |
|---|---|
| SMIL – midlar tildelt for 2015 (utanom organisert beitebruk og utanom drenering) | 5.300.000,- |
| Overførte SMIL-midlar frå 2014 | 979.722,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2015** | **6.279.722,-** |

(Samla ramme er vesentleg mindre enn i 2014, då var den kr 9.167.686 medrekna overførte midlar.)

For SMIL-midlane er det stort sprik mellom det behovet som er rapportert frå kommunane og den tilskotsramma som er til fordeling. Dette medfører at vi må prioritere hardt i samband med tildelinga til kommunane. Vurderingskriteria som har vore lagt vekt på er:

- Antal søkjarar av produksjonstilskot i kommunen er tillagt meir vekt enn tidlegare
- Kommunane sin aktivitet og innmeldt behov for 2014
- Kommunane sitt forbruk av midlar i høve til løyving/inndregne midlar i 2014.
- Kommunar med få/ingen gamle saker er tilgodesett
- Kommunar med mange saker med utgått arbeidsfrist har fått ein reduksjon
- Vurdering av aktivitetsnivået som kommunane har hatt over tid.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde | Telefon: 71 25 84 43 | Telefax: 71 25 85 10 | E-post: postmottak@fmmr.no | Web: www.fylkesmannen.no

**Kommunerammer for SMIL – midlar 2015:**

| | |
|---|---|
| Molde | 140 000 |
| Ålesund | |
| Kristiansund | 40 000 |
| Vanylven | 290 000 |
| Sande | 110 000 |
| Herøy | 100 000 |
| Ulstein | 80 000 |
| Hareid | 80 000 |
| Volda | 250 000 |
| Ørsta | 400 000 |
| Ørskog 1) | 260 000 |
| Norddal | 270 000 |
| Stranda | 310 000 |
| Stordal | |
| Sykkylven | 200 000 |
| Skodje | |
| Sula | |
| Giske | 100 000 |
| Haram | 200 000 |

| | |
|---|---|
| Vestnes | 170 000 |
| Rauma | 340 000 |
| Nesset | 240 000 |
| Midsund | 80 000 |
| Sandøy | 40 000 |
| Aukra | 70 000 |
| Fræna | 350 000 |
| Eide | 150 000 |
| Averøy | 150 000 |
| Gjemnes | 220 000 |
| Tingvoll | 210 000 |
| Sunndal | 320 000 |
| Surnadal | 320 000 |
| Rindal | 180 000 |
| Halsa | 210 000 |
| Smøla | 180 000 |
| Aure | 210 000 |
| Ikkje fordelt FM | 9 722 |
| Sum | 3 449 722 |

*1): For kommunane Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog er det gjort ei samla tildeling på kr. 260.000,-. Fordeling mellom kommunane/søknadane vil skje lokalt gjennom landbruksforvaltninga.*

**Kommunen er ansvarleg for å halde løyvingane innanfor tildelt ramme.**
**Kommunen skal kontrollere at tiltaka vert gjennomførte i samsvar med føresetnadene.**

I fullmaktsbrevet frå Landbruksdirektoratet for 2015 står det mellom anna: «Fylkesmannen må sjå til at kommunane dreg tilbake tilsegner der arbeidsfristen er gått ut. Inndregne midlar skal omfordelast til kommunar som har oppnådd gode resultat og har god gjennomføringsevne.»

Pr. 1/2-2015 var det 109 ulike SMIL-saker med utgått arbeidsfrist. Saldo for desse sakene er kr. 2.842.084,-. Dette er eit for stort beløp. Fylkesmannen tilrår at saker som det ikkje er gjort noko med når arbeidsfristen har gått ut (ofte 3 år) ikkje får forlenga arbeidsfrist.

**For dei sakene som står på lista med utgått arbeidsfrist pr 01.02.2015 vert det gjort slik:**

1. Kommunen må gjere vedtak om inndraging snarast. Midlar som vert inndregne før 1/5-2015 kan kommunen løyve på nytt i 2015. (før 1. november)

2. Midlar som vert inndregne etter 1/5-2015, på saker som står på lista pr 13/2-2015, går tilbake til fylkesmannen for ny fordeling.

Inndregne midlar på saker der arbeidsfristen går ut seinare i 2015 (for eksempel 1/7 eller 1/10) kan og bør løyvast på nytt av kommunen før 1/11.

Inndregne midlar som gjeld «Organisert beitebruk» kan ikkje løyvast på nytt av kommunen. Desse midlane går tilbake til fylkesmannen og vert løyvde på nye saker. Dette gjeld sjølv om det var kommunen som i si tid løyvde til desse søknadane.

Fylkesmannen vil følgje opp arbeidet med å få avslutta gamle saker. Nye lister skal bli sendt ut. Ta kontakt om det er behov for saldokort eller lister på gamle saker.

*Forskrift og søknadsskjema:*
Det er gjort endringar i SMIL-ordninga. Ny forskrift er under utarbeiding i Landbruksdirektoratet. Det same gjeld nytt søknadsskjema. Dersom kommunen vel å kunngjere SMIL-ordninga før ny forskrift er klar må det takast atterhald om endringar som vil kome.

*Strategiplan:*
Dei kommunane som skal rullere strategiplanen i år bør vente til ny forskrift føreligg.
Fylkesmannen må få tilsendt kopi av strategidokument etter kvart som dei vert reviderte og vedtekne.

*Kontakt med andre avdelingar:*
Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen og kulturavdelinga i fylkeskommunen har mykje kompetanse på sine fagfelt. Kommunane bør kontakte desse avdelingane for å dra nytte av fagkompetansen i samband med SMIL-saker.

*Registrering av søknader som har fått innvilga tilskot:*
Kommunane må vente med nye løyvingar til ny forskrift føreligg.

Når kommunen har gjort vedtak om tildeling av SMIL-midlar til eit tiltak, må det fortløpande sendast kopi av løyvingsskriv med vedtak og kopi av søknadsskjema til landbruksavdelinga for registrering. ( Det trengst ikkje sendast med andre vedlegg) Dersom søknadsskjemaet er mangelfullt utfylt eller viser til vedlegg, ber vi om at alle nødvendige opplysningar vert overført til skjemaet før oversending hit. Dette lettar arbeidet med registrering av søknader og sikrar at fagsystemet vert raskt oppdatert i høve til dei løyvingane som kommunen til ei kvar tid har gjort.

Når kommunen mottek saldokort for dei einskilde sakene er dette stadfesting på at sakene er registrert i fagsystemet og klargjort for utbetaling av tilskot.

**Frist for innsending av SMIL-saker til registrering er 1. november -2015.**
Tidleg frist er nødvendig på grunn av mange grøftesøknader som også vil kome. Det er veldig viktig at ein unngår opphoping av saker mot slutten av året. Ein kan ikkje utan vidare rekne med at saker som kjem inn lenge etter denne fristen vert registrerte.

*Arbeidsfrist:*
Landbruksavdelinga har rutinar for å sende ut brev til søkjar med varsel om arbeidsfrist. Brevet går med kopi til kommunen. Vi tilrår at kommunane set dato for arbeidsfrist til kvartalskifte, dvs. 01. januar (ikkje 31/12), 01. april, 01. juli eller 01. oktober.
Dersom det vert søkt om utsett arbeidsfrist, er det kommunen som avgjer søknaden og eventuelt set ny arbeidsfrist i hht forskrifta. Fylkesmannen ønskjer at kommunane vert strengare når det gjeld forlenga arbeidsfristar. I saker der kommunen gjev utsett arbeidsfrist, sender kommunen brev til søkjar og kopi av vedtaket hit for registrering. Det er også kommunen som gjer vedtak om inndraging.

*Saldokort:*
Det er kommunen som handsamar og avgjer alle søknader om utbetaling av tilskot. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt timelister, rekneskap eller anna dokumentasjon. Send inn saldokort påført nødvendige opplysningar og underskrift for utbetaling av tilskot. Dei som brukar eigen ferdigattest kan gjerne fortsette med det.

*Inndraging:*
Ut frå det som er nemnt tidlegare vil dette med arbeidsfrist bli handtert strengare. Vi gjer merksam på at vedtak om inndraging er eit enkeltvedtak som gir tilskotsmottakar rett til å klage, jamfør Forvaltningslova. Send inn saldokort med inndraging når klagefristen er ute.

***Kalender 20145for SMIL og Drenering:***

| Fristar: | Aktivitet | Ansvar |
|---|---|---|
| 15. februar 2015 | Fordeling av midlar til kommunane | Landbr.avdelinga |
| Februar mars april | Opprydding i saker med utgått arbeidsfrist. | Kommunane /L.avd |
| oktober 2015 | Liste til kommunane over aktive saker m/arb.fristar | Landbr.avdelinga |
| **01. nov. 2015** | **Siste frist for innsending av saker til registrering** | Kommunane |
| 15. nov. 2015 | Rapportering av forbruk av SMIL- midlar 2015 og behov 2016<br>Rapportering av behov for midlar til drenering 2016 | Kommunane |

*Kontaktperson for registrering av søknader/vedtak/utskriving av saldokort m.v.:*

| | | |
|---|---|---|
| Tone Helen Rørseth | tone.helen.rorseth@fylkesmannen.no | 71258417 |

*Kontaktperson for spørsmål knytt til forvaltning av midlane til SMIL og drenering:*

| | | |
|---|---|---|
| Byrge Fitje | byrge.fitje@fylkesmannen.no | 71258416 |

**Tilskott til drenering av jordbruksjord 2015 - fordeling av midlar til kommunane**

Ved jordbruksoppgjøret i 2014 vart det sett av 100 mill. kroner på landsbasis til drenering av jordbruksjord. Møre og Romsdal har fått 4,5 mill. kroner av desse midlane.

| | |
|---|---|
| Drenering av jordbruksjord. Midlar tildelt for 2015 | 4.500.000,- |
| Overførte midlar frå 2014 | 934.621,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2015** | **5.434.621,-** |

Formålet med forskrifta er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord som har potensial for auka jordbruksproduksjon. I tillegg er det m.a.eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning. Tilskott kan gjevast både til eigd og leigd areal, men ikkje til drenering av nydyrkingsfelt. Søknadsskjema finn de på Landbruksdirektoratet sine heimesider. Forskrifta finn de på Lovdata. Sjå også rundskriv 2013-5 frå SLF om «Forvaltning av forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord»

Forskrifta og søknadsskjema er den same som i fjor. Tilskotssatsane er uendra og arbeidsfrist er 3 år utan forlenging.

Det er berre kopi av søknadsskjema og kopi av løyvingsskriv som skal sendast inn for registrering.

**Frist for kommunen til å sende inn løyvingar for registrering er 1. november**

**Tilskott til drenering av jordbruksjord – fordeling til kommunane 2015**

| Kommune | Ramme (kr) |
|---|---|
| 1502 MOLDE | 100.000 |
| 1504 ÅLESUND | |
| 1505 KRISTIANSUND | 30.000 |
| 1511 VANYLVEN | 200.000 |
| 1514 SANDE | 30.000 |
| 1515 HERØY | 30 000 |
| 1516 ULSTEIN | 30 000 |
| 1517 HAREID | 50 000 |
| 1519 VOLDA | 150.000 |
| 1520 ØRSTA | 200.000 |
| 1523 ØRSKOG | 1) 150.000 |
| 1524 NORDDAL | 100.000 |
| 1525 STRANDA | 150.000 |
| 1526 STORDAL | |
| 1528 SYKKYLVEN | 130.000 |
| 1529 SKODJE | |
| 1531 SULA | |
| 1532 GISKE | 100.000 |
| 1534 HARAM | 200.000 |
| 1535 VESTNES | 130.000 |
| 1539 RAUMA | 150 000 |
| 1543 NESSET | 100.000 |
| 1545 MIDSUND | 40 000 |
| 1546 SANDØY | 40 000 |
| 1547 AUKRA | 100.000 |
| 1548 FRÆNA | 1.000.000 |
| 1551 EIDE | 200.000 |
| 1554 AVERØY | 150.000 |
| 1557 GJEMNES | 150.000 |
| 1560 TINGVOLL | 150.000 |
| 1563 SUNNDAL | 150.000 |
| 1566 SURNADAL | 250.000 |
| 1567 RINDAL | 220.000 |
| 1571 HALSA | 100.000 |
| 1573 SMØLA | 250.000 |
| 1576 AURE | 180.000 |
| Førebels ikkje fordelt | 424.621 |
| Sum | 5.434.621 |

Tabellen viser kommunevis fordeling av tilskotsramma.

Fordelinga er basert på ein modell som dels tek utgangspunkt i arealoppgåvene og dels i tidlegare aktivitet/søknader og innmeldt behov.

1):Nordre Sunnmøre landbrukskontor har fått ei rammetildeling for alle 5 kommunane. (Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog)

NB!: Fylkesmannen har halde tilbake 424.621 kroner av totalramma. Desse midlane blir fordelte til dei kommunane som har størst etterspørsel og som er raskast til å melde frå om behov for tillegg. Det er også viktig at kommunane melder frå dersom midlane ikkje vert brukte (helst i løpet av september) slik at desse kan omfordelast til kommunar med større behov.

Alle søknader om tilskot til drenering skal sendast til kommunen og det er kommunen som handsamar søknadane. Kommunen kan setje søknadsfrist. (truleg då nytte same dato som for SMIL-søknadane.)

Ta kontakt om det er ting vi kan avklare og hjelpe til med !

Lukke til med arbeida !

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
ass.dir.

Byrge Fitje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre | Boks 1312 | 6001 | ÅLESUND |
| Landbruk Nordvest | Hovsvegen 25 | 6600 | SUNNDALSØRA |
| Møre og Romsdal Bondelag | Boks 2047 | 6402 | MOLDE |
| Møre og Romsdal bonde og småbrukarlag | v/ I. Hansen Nystad | 6214 | NORDDAL |

LOVDATA

# Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket

| | |
|---|---|
| Dato | FOR-2004-02-04-448 |
| Departement | Landbruks- og matdepartementet |
| Publisert | I 2004 hefte 4 |
| Ikrafttredelse | 04.02.2004 |
| Sist endret | FOR-2015-02-17-132 |
| Endrer | FOR-1999-12-27-1531, FOR-2000-03-07-213, FOR-1999-02-26-273 |
| Gjelder for | Norge |
| Hjemmel | LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§18 |
| Kunngjort | 05.03.2004 |
| Rettet | |
| Korttittel | Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket |

**Hjemmel:** Fastsatt av Landbruksdepartementet (nå Landbruks- og matdepartementet) 4. februar 2004 med hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.
**Endringer:** Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126, 17 feb 2015 nr. 132.

## § 1. *Formål*

Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.

## § 2. *Virkeområde*

Forskriften gjelder for prosjekter/tiltak på landbrukseiendommer jf. jordloven § 12, samt i områder vernet etter lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) og lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

0 Endret ved forskrift 17 feb 2015 nr. 132.

## § 3. *Vilkår*

Tilskudd kan innvilges til foretak som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 4. Det må foreligge tillatelse fra landbrukseiendommens eier til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nevnt i denne forskriftens § 4 og § 5.

Det kan ikke innvilges tilskudd til prosjekt eller tiltak på landbrukseiendommer som eies og drives av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der en eller flere tilskuddsberettigede landbrukseiendommer er med.

Søker må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging og forskrift 26. juli 2004 nr. 1138 om plantevernmidler § 18 femte ledd. Søker må videre ha kart over jordbruksarealene foretaket til en hver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning skal være kartfestet og beskrevet.

Det kan settes vilkår for innvilging av tilskudd til det enkelte prosjekt og tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er 3 år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt en kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikke ut over 5 år fra tilskuddet ble innvilget.

0 Endret ved forskrift 16 feb 2015 nr. 126.

**§ 4. *Tilskudd til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter***

Det kan innvilges tilskudd til prosjekter som leder fram til planer for konkrete tiltak som nevnt i § 5.

Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid.

Det ytes engangstilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

**§ 5. *Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak***

Det kan innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som ivaretar natur- og kulturminneverdiene i kulturlandskapet. Det kan også innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som bidrar til å hindre eller redusere forurensning eller risikoen for forurensning fra jordbruket.

Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag for gjennomføring av tiltaket.

Det ytes engangstilskudd med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfold, kan det ytes tilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

**§ 6. *Søknad og dokumentasjon***

Kommunen kan fastsette søknadsfrist.

Det skal benyttes søknadsskjema som er utarbeidet av Landbruksdirektoratet. Foretaket skal vedlegge en plan der miljøtiltaket beskrives og kartfestes, og der det redegjøres for målene med prosjektet eller tiltaket.

Når prosjektet eller tiltaket er gjennomført, skal det sendes inn dokumentasjon på at det er gjennomført i henhold til vilkår gitt i vedtaksbrev.

0 Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126.

**§ 7. *Utbetaling***

Innvilget tilskudd utbetales etter skriftlig anmodning fra tilskuddsmottaker og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjent sluttregnskapet. Det kan likevel foretas utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter hvert som deler av prosjektet eller tiltaket utføres. Minst 25% av tilskuddet holdes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent.

**§ 8. *Administrasjon, klage og dispensasjon***

Vedtak om tildeling av tilskudd etter denne forskriften fattes av kommunen.

Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt.

Vedtak fattet av kommunen kan påklages til fylkesmannen etter reglene i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap. VI.

Fylkesmannen kan i særlige tilfeller dispensere fra reglene i denne forskriften.

0 Endret ved forskrift 16 feb 2015 nr. 126.

**§ 9. *Opplysningsplikt og kontroll***

Søker av tilskudd plikter å gi alle opplysninger som kommunen, fylkesmannen, Landbruksdirektoratet eller Riksrevisjonen finner nødvendig for å kunne kontrollere at bruken av tilskuddsmidlene er i tråd med forutsetningene.

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan foreta stedlig kontroll.

0 Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126.

**§ 10. *Omgjøring, tilbakebetaling og motregning***

Vedtak om innvilget tilskudd kan omgjøres og utbetalt tilskudd kan kreves tilbakebetalt dersom det avdekkes forhold som er i strid med det som er forutsatt ved innvilgning av tilskuddet. Kravet kan motregnes i tilskudd som utspringer av mottakerens landbruksvirksomhet. Dersom tilbakebetaling ikke skjer innen den frist som blir gitt, kan det kreves forsinkelsesrenter i tillegg, jf. lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.v.

**§ 11. *Ikrafttredelse***

Denne forskriften trer i kraft straks. Fra samme dato oppheves forskrift 1. januar 2000 nr. 1531 om investeringsstøtte til miljøtiltak, forskrift 7. mars 2000 nr. 213 om tilskudd til miljørettet omlegging av kornområder og forskrift 26. februar 1999 nr. 273 om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygninger.

HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | ANNLOB | Arkivsaknr: | 2015/1309 |
| | | Arkiv: | V10 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 92/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |

## TILDELING AV MIDLAR TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD FOR 2015

**Tilråding:**
Maritim og teknisk komité vedtek framlegg til løyving av tilskot til drenering av jordbruksjord for 2015 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1.

Lovheimel:
FOR 2013-06-25-769 Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Særutskrift:
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Vedlegg:**

| Nr. | Namn | |
|---|---|---|
| 1 | Disponible tilskotsmidlar til drenering i Herøy kommune | 01.10.2015 |
| 2 | Tildelingsbrev frå Fylkesmannen, midlar til drenering | 11.02.2015 |

**Saksopplysningar:**
Det har kome inn 1 søknadar dette året. I tilrådinga er søknaden prioritert då den oppfyller krava i føreskrifta.

Herøy kommune fekk løyvd kr 30.000,- i tilskot for 2015.

Tilskot til drenering av jordbruksjord kom i 2013. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord som har potensial for auka jordbruksproduksjon. I tillegg er det eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning.

Søkjaren må ha grøfteplan og miljøplan trinn 2. Tilskotet utgjer kr 1.000,- pr. dekar eller kr 15,- år løpemeter avgrensa til kr 1.000,- pr. dekar.

**Vurdering og konklusjon:**
Framlegg til løyving av tilskot til drenering av jordbruksjord er heimla i føreskrifta til ordninga. Ein rår til at løyvinga slik vist i vedlegg 1 då søkjaren fyller krava som er sett i føreskrifta.

Fosnavåg, 01.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

# Disponible tilskotsmidlar til drenering i Herøy kommune - 2015.

| | | |
|---|---|---|
| Tildelte tilskotsmidlar til drenering i Herøy kommune - 2015: | kr | 30 000 |
| Tilrådd løyving av tilskot til drenering i Herøy kommune i 2015: | kr | 14 000 |
| Sum Smilmidlar til grøfting att til disposisjon i 2015: | kr | 16 000 |

## Grøfting på dyrka mark som tidlegare har vore grøfta .

*** Tilskotsats inntil kr. 1000 pr. daa.**

| Søknad år | Namn | Tiltak | Grøfteareal på søknad i daa. | Søknadsum i kr. | Godkjent grøfteareal i daa. | Tilrådd tilskot i kr. | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | **Svein Ove Jøsok** | Grøfting av om lag 14,0 daa tidlegare grøfta dyrka jord på bruket Hauane gnr. 86 bnr. 11 i Herøy kommune. Om lag 5, 0 daa av arealet som skal grøftast er over-flatedyrka, resten av arealet som skal grøftast er fulldyrka jord på omlag 9,0 daa. Det er meir enn 40 år sidan areal sist vart grøfta. | 14,0 | kr 14 000 | 14,0 | kr 14 000 | Søkjer om produksjonstilskot i jordbruket. Det ligg ved i søknaden grøftekart, Miljøplan Trinn 2 og beskrivelse på korleis dreneringsarbeidet skal utførast. Den overflatedyrka jorda er planlagt å profielere medan den fulldyrka jorda skal grøftast systematisk. Rår til å løyve kr. 14.000. i tilskot til drenering av 14,0 daa dyrka mark i samsvar med innlevert søknad. |
| **Grunngjeving:** | | Viser til kommentarfelt. | | | | | |
| **Tilråding:** | | **Rår til å løyve kr. 14.000. i tilskot til drenering på bruket Hauane gnr. 86 bnr. 11 i Herøy kommune.** | | | | | |
| **Vilkår:** | | Dreneringsarbeidet skal utførast i samsvar med utarbeidd grøftekart frå søkjar og korrigert i samarbeid med Søre Sunnmøre Landbrukskontor v/ Oddvar Gjerde. | | | | | |
| | | | **14,0** | **kr 14 000** | **14,0** | **kr 14 000** | |

Landbruk

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
rådgivar Byrge Fitje, 71 25 84 16

Vår dato
11.02.2015
Dykkar dato

Vår ref.
2015/827/BYFI/510
Dykkar ref

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr | Saksbeh
16 FEB. 2015
Ark kode P
Ark kode S
J nr | Dok nr
Kassasjon

Kommunane i Møre og Romsdal

## Tildeling av midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2015
## Tildeling av midlar til Drenering av jordbruksjord 2015

**SMIL:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, skal tildele virkemidlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket i ei årleg disposisjonsramme til kommunane. Kommunane prioriterer tiltak etter forskrift og vedtekne strategiar innanfor forskrifta til SMIL-ordninga.

Tildelinga gjeld for følgjande ordning: "Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket"

| | |
|---|---|
| SMIL – midlar tildelt for 2015 (utanom organisert beitebruk og utanom drenering) | 5.300.000,- |
| Overførte SMIL-midlar frå 2014 | 979.722,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2015** | **6.279.722,-** |

(Samla ramme er vesentleg mindre enn i 2014, då var den kr 9.167.686 medrekna overførte midlar.)

For SMIL-midlane er det stort sprik mellom det behovet som er rapportert frå kommunane og den tilskotsramma som er til fordeling. Dette medfører at vi må prioritere hardt i samband med tildelinga til kommunane. Vurderingskriteria som har vore lagt vekt på er:

- Antal søkjarar av produksjonstilskot i kommunen er tillagt meir vekt enn tidlegare
- Kommunane sin aktivitet og innmeldt behov for 2014
- Kommunane sitt forbruk av midlar i høve til løyving/inndregne midlar i 2014.
- Kommunar med få/ingen gamle saker er tilgodesett
- Kommunar med mange saker med utgått arbeidsfrist har fått ein reduksjon
- Vurdering av aktivitetsnivået som kommunane har hatt over tid.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde
Telefon: 71 25 84 43
Telefax: 71 25 85 10
E-post: postmottak@fmmr.no
Web: www.fylkesmannen.no

**Kommunerammer for SMIL – midlar 2015:**

| | |
|---|---|
| Molde | 140 000 |
| Ålesund | |
| Kristiansund | 40 000 |
| Vanylven | 290 000 |
| Sande | 110 000 |
| Herøy | 100 000 |
| Ulstein | 80 000 |
| Hareid | 80 000 |
| Volda | 250 000 |
| Ørsta | 400 000 |
| Ørskog 1) | 260 000 |
| Norddal | 270 000 |
| Stranda | 310 000 |
| Stordal | |
| Sykkylven | 200 000 |
| Skodje | |
| Sula | |
| Giske | 100 000 |
| Haram | 200 000 |

| | |
|---|---|
| Vestnes | 170 000 |
| Rauma | 340 000 |
| Nesset | 240 000 |
| Midsund | 80 000 |
| Sandøy | 40 000 |
| Aukra | 70 000 |
| Fræna | 350 000 |
| Eide | 150 000 |
| Averøy | 150 000 |
| Gjemnes | 220 000 |
| Tingvoll | 210 000 |
| Sunndal | 320 000 |
| Surnadal | 320 000 |
| Rindal | 180 000 |
| Halsa | 210 000 |
| Smøla | 180 000 |
| Aure | 210 000 |
| Ikkje fordelt FM | 9 722 |
| Sum | 3 449 722 |

*1): For kommunane Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog er det gjort ei samla tildeling på kr. 260.000,-. Fordeling mellom kommunane/søknadane vil skje lokalt gjennom landbruksforvaltninga.*

**Kommunen er ansvarleg for å halde løyvingane innanfor tildelt ramme.**
**Kommunen skal kontrollere at tiltaka vert gjennomførte i samsvar med føresetnadene.**

I fullmaktsbrevet frå Landbruksdirektoratet for 2015 står det mellom anna: «Fylkesmannen må sjå til at kommunane dreg tilbake tilsegner der arbeidsfristen er gått ut. Inndregne midlar skal omfordelast til kommunar som har oppnådd gode resultat og har god gjennomføringsevne.»

Pr. 1/2-2015 var det 109 ulike SMIL-saker med utgått arbeidsfrist. Saldo for desse sakene er kr. 2.842.084,-. Dette er eit for stort beløp. Fylkesmannen tilrår at saker som det ikkje er gjort noko med når arbeidsfristen har gått ut (ofte 3 år) ikkje får forlenga arbeidsfrist.

**For dei sakene som står på lista med utgått arbeidsfrist pr 01.02.2015 vert det gjort slik:**

1. Kommunen må gjere vedtak om inndraging snarast. Midlar som vert inndregne før 1/5-2015 kan kommunen løyve på nytt i 2015. (før 1. november)

2. Midlar som vert inndregne etter 1/5-2015, på saker som står på lista pr 13/2-2015, går tilbake til fylkesmannen for ny fordeling.

Inndregne midlar på saker der arbeidsfristen går ut seinare i 2015 (for eksempel 1/7 eller 1/10) kan og bør løyvast på nytt av kommunen før 1/11.

Inndregne midlar som gjeld «Organisert beitebruk» kan ikkje løyvast på nytt av kommunen. Desse midlane går tilbake til fylkesmannen og vert løyvde på nye saker. Dette gjeld sjølv om det var kommunen som i si tid løyvde til desse søknadane.

Fylkesmannen vil følgje opp arbeidet med å få avslutta gamle saker. Nye lister skal bli sendt ut. Ta kontakt om det er behov for saldokort eller lister på gamle saker.

*Forskrift og søknadsskjema:*
Det er gjort endringar i SMIL-ordninga. Ny forskrift er under utarbeiding i Landbruksdirektoratet. Det same gjeld nytt søknadsskjema. Dersom kommunen vel å kunngjere SMIL-ordninga før ny forskrift er klar må det takast atterhald om endringar som vil kome.

*Strategiplan:*
Dei kommunane som skal rullere strategiplanen i år bør vente til ny forskrift føreligg.
Fylkesmannen må få tilsendt kopi av strategidokument etter kvart som dei vert reviderte og vedtekne.

*Kontakt med andre avdelingar:*
Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen og kulturavdelinga i fylkeskommunen har mykje kompetanse på sine fagfelt. Kommunane bør kontakte desse avdelingane for å dra nytte av fagkompetansen i samband med SMIL-saker.

*Registrering av søknader som har fått innvilga tilskot:*
Kommunane må vente med nye løyvingar til ny forskrift føreligg.

Når kommunen har gjort vedtak om tildeling av SMIL-midlar til eit tiltak, må det fortløpande sendast kopi av løyvingsskriv med vedtak og kopi av søknadsskjema til landbruksavdelinga for registrering. ( Det trengst ikkje sendast med andre vedlegg) Dersom søknadsskjemaet er mangelfullt utfylt eller viser til vedlegg, ber vi om at alle nødvendige opplysningar vert overført til skjemaet før oversending hit. Dette lettar arbeidet med registrering av søknader og sikrar at fagsystemet vert raskt oppdatert i høve til dei løyvingane som kommunen til ei kvar tid har gjort.

Når kommunen mottek saldokort for dei einskilde sakene er dette stadfesting på at sakene er registrert i fagsystemet og klargjort for utbetaling av tilskot.

**Frist for innsending av SMIL-saker til registrering er 1. november -2015.**
Tidleg frist er nødvendig på grunn av mange grøftesøknader som også vil kome. Det er veldig viktig at ein unngår opphoping av saker mot slutten av året. Ein kan ikkje utan vidare rekne med at saker som kjem inn lenge etter denne fristen vert registrerte.

*Arbeidsfrist:*
Landbruksavdelinga har rutinar for å sende ut brev til søkjar med varsel om arbeidsfrist. Brevet går med kopi til kommunen. Vi tilrår at kommunane set dato for arbeidsfrist til kvartalskifte, dvs. 01. januar (ikkje 31/12), 01. april, 01. juli eller 01. oktober.
Dersom det vert søkt om utsett arbeidsfrist, er det kommunen som avgjer søknaden og eventuelt set ny arbeidsfrist i hht forskrifta. Fylkesmannen ønskjer at kommunane vert strengare når det gjeld forlenga arbeidsfristar. I saker der kommunen gjev utsett arbeidsfrist, sender kommunen brev til søkjar og kopi av vedtaket hit for registrering. Det er også kommunen som gjer vedtak om inndraging.

*Saldokort:*
Det er kommunen som handsamar og avgjer alle søknader om utbetaling av tilskot. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt timelister, rekneskap eller anna dokumentasjon. Send inn saldokort påført nødvendige opplysningar og underskrift for utbetaling av tilskot. Dei som brukar eigen ferdigattest kan gjerne fortsette med det.

*Inndraging:*
Ut frå det som er nemnt tidlegare vil dette med arbeidsfrist bli handtert strengare. Vi gjer merksam på at vedtak om inndraging er eit enkeltvedtak som gir tilskotsmottakar rett til å klage, jamfør Forvaltningslova. Send inn saldokort med inndraging når klagefristen er ute.

***Kalender 20145for SMIL og Drenering:***

| Fristar: | Aktivitet | Ansvar |
|---|---|---|
| 15. februar 2015 | Fordeling av midlar til kommunane | Landbr.avdelinga |
| Februar mars april | Opprydding i saker med utgått arbeidsfrist. | Kommunane /L.avd |
| oktober 2015 | Liste til kommunane over aktive saker m/arb.fristar | Landbr.avdelinga |
| **01. nov. 2015** | **Siste frist for innsending av saker til registrering** | Kommunane |
| 15. nov. 2015 | Rapportering av forbruk av SMIL- midlar 2015 og behov 2016<br>Rapportering av behov for midlar til drenering 2016 | Kommunane |

*Kontaktperson for registrering av søknader/vedtak/utskriving av saldokort m.v.:*

| | | |
|---|---|---|
| Tone Helen Rørseth | tone.helen.rorseth@fylkesmannen.no | 71258417 |

*Kontaktperson for spørsmål knytt til forvaltning av midlane til SMIL og drenering:*

| | | |
|---|---|---|
| Byrge Fitje | byrge.fitje@fylkesmannen.no | 71258416 |

**Tilskott til drenering av jordbruksjord 2015 - fordeling av midlar til kommunane**

Ved jordbruksoppgjøret i 2014 vart det sett av 100 mill. kroner på landsbasis til drenering av jordbruksjord. Møre og Romsdal har fått 4,5 mill. kroner av desse midlane.

| | |
|---|---|
| Drenering av jordbruksjord. Midlar tildelt for 2015 | 4.500.000,- |
| Overførte midlar frå 2014 | 934.621,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2015** | **5.434.621,-** |

Formålet med forskrifta er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord som har potensial for auka jordbruksproduksjon. I tillegg er det m.a.eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning. Tilskott kan gjevast både til eigd og leigd areal, men ikkje til drenering av nydyrkingsfelt. Søknadsskjema finn de på Landbruksdirektoratet sine heimesider. Forskrifta finn de på Lovdata. Sjå også rundskriv 2013-5 frå SLF om «Forvaltning av forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord»

Forskrifta og søknadsskjema er den same som i fjor. Tilskotssatsane er uendra og arbeidsfrist er 3 år utan forlenging.

Det er berre kopi av søknadsskjema og kopi av løyvingsskriv som skal sendast inn for registrering.

**Frist for kommunen til å sende inn løyvingar for registrering er 1. november**

**Tilskott til drenering av jordbruksjord – fordeling til kommunane 2015**

| Kommune | Ramme (kr) |
|---|---|
| 1502 MOLDE | 100.000 |
| 1504 ÅLESUND | |
| 1505 KRISTIANSUND | 30.000 |
| 1511 VANYLVEN | 200.000 |
| 1514 SANDE | 30.000 |
| 1515 HERØY | 30 000 |
| 1516 ULSTEIN | 30 000 |
| 1517 HAREID | 50 000 |
| 1519 VOLDA | 150.000 |
| 1520 ØRSTA | 200.000 |
| 1523 ØRSKOG | 1) 150.000 |
| 1524 NORDDAL | 100.000 |
| 1525 STRANDA | 150.000 |
| 1526 STORDAL | |
| 1528 SYKKYLVEN | 130.000 |
| 1529 SKODJE | |
| 1531 SULA | |
| 1532 GISKE | 100.000 |
| 1534 HARAM | 200.000 |
| 1535 VESTNES | 130.000 |
| 1539 RAUMA | 150 000 |
| 1543 NESSET | 100.000 |
| 1545 MIDSUND | 40 000 |
| 1546 SANDØY | 40 000 |
| 1547 AUKRA | 100.000 |
| 1548 FRÆNA | 1.000.000 |
| 1551 EIDE | 200.000 |
| 1554 AVERØY | 150.000 |
| 1557 GJEMNES | 150.000 |
| 1560 TINGVOLL | 150.000 |
| 1563 SUNNDAL | 150.000 |
| 1566 SURNADAL | 250.000 |
| 1567 RINDAL | 220.000 |
| 1571 HALSA | 100.000 |
| 1573 SMØLA | 250.000 |
| 1576 AURE | 180.000 |
| Førebels ikkje fordelt | 424.621 |
| Sum | 5.434.621 |

Tabellen viser kommunevis fordeling av tilskotsramma.

Fordelinga er basert på ein modell som dels tek utgangspunkt i arealoppgåvene og dels i tidlegare aktivitet/søknader og innmeldt behov.

1):Nordre Sunnmøre landbrukskontor har fått ei rammetildeling for alle 5 kommunane. (Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog)

NB!: Fylkesmannen har halde tilbake 424.621 kroner av totalramma. Desse midlane blir fordelte til dei kommunane som har størst etterspørsel og som er raskast til å melde frå om behov for tillegg. Det er også viktig at kommunane melder frå dersom midlane ikkje vert brukte (helst i løpet av september) slik at desse kan omfordelast til kommunar med større behov.

Alle søknader om tilskot til drenering skal sendast til kommunen og det er kommunen som handsamar søknadane. Kommunen kan setje søknadsfrist. (truleg då nytte same dato som for SMIL-søknadane.)

Ta kontakt om det er ting vi kan avklare og hjelpe til med !

Lukke til med arbeida !

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
ass.dir.

Byrge Fitje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre | Boks 1312 | 6001 | ÅLESUND |
| Landbruk Nordvest | Hovsvegen 25 | 6600 | SUNNDALSØRA |
| Møre og Romsdal Bondelag | Boks 2047 | 6402 | MOLDE |
| Møre og Romsdal bonde og småbrukarlag | v/ I. Hansen Nystad | 6214 | NORDDAL |

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2015/1048 |
| | | Arkiv: | Q80 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 93/15 | Maritim og teknisk komite | 20.10.2015 |

## TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK FV 654 HJELMESET - ETABLERING AV INTENSIVBELYSNING VED TILRETTELAGT KRYSSINGSPUNKT

**Tilråding:**

Maritim og teknisk komite løyver **kr 95.000,- (eks.mva)** av midlar avsett i budsjett til trafikktrygging, for tiltak som skal betre trafikktrygginga ved tilrettelagt kryssingspunkt ved fylkeveg 654 på Hjelmeset.

Avsette midlar skal dekkje tiltak som skildra i saka og vist i vedlegg 1.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga
Økonomiavdelinga (ber om at det vert oppretta prosjektnummer)

**Vedlegg:**
01 – Lysberekninga og plan for intensivbelysning
02 – Flyfoto over området M 1:1000

**Saksopplysningar:**
Herøy kommune har i gjeldande kommunedelplan for Trafikktrygging 2015-18 prioritert utbetring av kryssingspunkt på Hjelmeset. Det er tidlegare etablert eit tilrettelagt kryssingspunkt i området ved oppgradering av busslommer til standard med universell utforming. Kommunen har, i samråd med Statens Vegvesen som fagetat, vurdert behov for intensivbelysning på det punktet der fotgjengarar kryssar vegen.

Det tilrettelagte kryssingspunktet er ferdselsområde mellom skulane på Bergsøya og bustadområdet nedre Hjelmeseth. Sistnemnde bustadområde har vore og er i vekst med etablering av fleire bueiningar.

Tiltaket omfattar intensivbelysning, oppføring av 5 nye veglysarmaturar. 4 stk i eksisterande stålmaster og 1 stk i ny stålmast i galvanisert utføring, mastehøgd 6 meter. Flytting av 1 stk lysmast, jfr. vedlagt situasjonsplan. I samband med dette kjem graving med legging av trekkerør for straum til nytt lysfundament.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen vurderer det som viktig at administrasjonen følgjer opp prioriterte tiltak i gjeldande trafikktryggingsplan. Kryssingspunktet er allereie etablert på Hjelmeset, og ein vil her utbetra dette ytterlegare gjennom forsterka belysning. Tiltaket vil kunne gi effekt for trafikktrygging då det er eit mykje brukt kryssingspunkt av barn- og unge, turgåarar og andre på ei svært trafikkbelasta vegstrekning.
Kostnader (eks.mva) med tiltak estimerer ein slik:

- Intensivbelysning, nye lysmaster og utskifting av armatur…… kr 72.400,-
- Graving, nedsetting av fundament, kabelrør……………………… kr 22.150,-

**SUM** **kr 94.550,-**

Det har tidlegare vore drøfta med Statens Vegvesen om det er mogleg med etablering av oppmerka fotgjengarovergang her, men fartsnivået og trafikkmengd tilseier at ein då må gjere fysiske fartsreduserande tiltak (t.d fartshump) for at dette skal kunne etablerast. Fartshump meiner ein vil vere uheldig på denne vegstrekninga av omsyn til vegen sin funksjon som hovudveg.

Forsterka belysning ved busslommer og ved tilrettelagt kryssingspunkt er i samsvar med prioriterte tiltak i trafikktryggingsplan og vil vere ei betring av trafikktryggleiken.

Det er avsett kr 5.000.000 i gjeldande budsjett til trafikktrygging. Det er nytta kr 20.000 og det er avsett til saman kr 264.000 til andre trafikktryggingstiltak.

Fosnavåg, 02.10.2015

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg




Alle ledning/trasear må oppfattast som orienterande.
Graving nærmare trasear enn 3 m, er på eige ansvar.
Kontakt MØRENETT AS for kabelpåvising.

**MØRENETT AS**

Lysplan

| | |
|---|---|
| Dato: | 2015.09.18 |
| Sign: | FOLARV |

Forsterka lys Hjelmeset

N

Målestokk 1:500

1:1000

22.09.2015




N

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

kommuneflate

Delegerte saker frå avdelingane

DS 312/15 Gnr 23 Bnr 3 - Frådeling av utbyggingsareal til bustadbygging 05.10.2015 00:00:00 Fredrik Severin Fredriksen

DS 313/15 Ferdigattest - 48/16 - vassledningsanlegg 18.09.2015 00:00:00 Asplan Viak

DS 314/15 Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Ferdigattest 16.09.2015 00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 315/15 Frøydis og Thorstein Vasset - 44/129 - Fritidsbustad 18.09.2015 00:00:00 Roald Hus as

DS 316/15 Osvald Ristesund - 34/284 - Tilbygg 18.09.2015 00:00:00 Osvald Ristesund

DS 317/15 Lars Conradi Andersen og Åse Marie Remøy - 26/164 - Einebustad 18.09.2015 00:00:00 Prosjektbygg as

DS 318/15 Ferdigattest - 29/306 25.09.2015 00:00:00 Monika Vike

DS 319/15 Gnr 24 Bnr 7 Frådeling av bustadtomt 03.10.2015 00:00:00 Frank Rogne

DS 320/15 Gnr 27 bnr 34 Frådeling av tilleggsareal til bnr 89 03.10.2015 00:00:00 Guttorm Berge

DS 321/15 Ole Børre Berge - 55/9 - Rehabilitering skorstein 25.09.2015 00:00:00 Proman as

DS 322/15 Gnr 40 Bnr 6 - Etablering av punktfeste 03.10.2015 00:00:00 Petter O. Notø

DS 323/15 Linn Renate Røyset og Lidvar Husøy - 46/82 - Frittliggande garasje 30.09.2015 00:00:00 Handverksbygg as

DS 324/15 Ferdigattest - 16/113 - Tilbygg 30.09.2015 00:00:00 Thomas Notøy

DS 325/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 seksjon nr 4 01.10.2015 00:00:00

Tømrer Service as

DS 326/15 Ferdigattest garasje - 50/59 05.10.2015 00:00:00 Guttorm Rabben

DS 327/15 Ann Iren Brautaset 59/6 - Ferdigattest 08.10.2015 00:00:00 UNIKUS AS

DS 328/15 Herøy kommune - 37/426 - Rammeløyve omsorgsbustadar + IG grunn- og fundamentarbeid 07.10.2015 00:00:00 Prosjektbygg as

DS 329/15 Mellombels bruksløyve - 38/6 - garasjedel 07.10.2015 00:00:00 Arve Eggesbø

DS 330/15 YX Betjent as - 37/82 - Skilting 05.10.2015 00:00:00 Brand Factory Norge as avd Østfold